



SULA KOMMUNE

## LANGSIKTIG DRIFTS- OG INVESTERINGSTRATEGI 2025 - 2040


## Innhold

<b>INNLEIANDE KOMMENTAR .....</b>	3
<b>UTFORDRINGAR OG RISIKOAR .....</b>	6
<b>DEL 1: FINANSIELLE MÅLTAL OG HANDLINGSREGLAR .....</b>	7
1.1    Økonomisk situasjon.....	7
1.2    Finansielle måltal .....	11
1.3    Finansielle måltal til bruk i LDIS .....	13
1.4    Handlingsreglar .....	14
<b>DEL 2: PARALELLE GREP FOR Å SIKRE BEREKRAFTIGE TENESTER INNANFOR EIN BEREKRAFTIG ØKONOMI .....</b>	15
2.1    Dei viktigaste fokusområda.....	16
<b>DEL 3: TILTAKSPLAN FOR DRIFT.....</b>	18
<b>DEL 4: TILTAKSPLAN FOR INVESTERING .....</b>	19
4.1 Investeringar som påvirker økonomien i form av auka lånegjeld .....	19
4.1.1    Løpende investeringar .....	19
4.1.2    Tiltak for å redusere særleg farlig skuleveg.....	19
4.1.3    Tenestesenter .....	20
4.1.4    Barnehage .....	20
4.1.5    Barne- og avlastningsbustad .....	21
4.1.6    ROP - leiligheter.....	22
4.2 Tiltak som i all hovudsak er sjølvfinansierande .....	22
4.2.1    Bukkonsept i samarbeid med Husbanken og private aktører .....	22
4.2.2    Fleire bustadar til menneske med nedsett funksjonsevne:.....	23
4.3    Auke investeringsfond ved sal av eigedomar.....	24
<b>DEL 5: ØKONOMISK UTVIKLING .....</b>	25

# INNLEIANDE KOMMENTAR

## Berekraftig utvikling i Sula kommune

Alle land i FN er einige om ein felles plan for berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling handlar om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Det er ei forventning frå regjeringa at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for communal planlegging. I ein langsiktig drifts og investeringsstrategi må ein finne balansen mellom dei tre dimensjonane av berekraft:



## Sosial berekraft

Eit trygt og godt arbeidsliv og tilhørysle til lokalsamfunnet er viktig. Kommunen må sørge for gode, helsefremmende omgjevnadar og bidra til mindre forskjellar. Vidare må vi gi alle moglegheit til å meistre kvardagen, utnytte sine ressursar og delta i samfunnet.

## Økonomisk berekraft

Vi må forvalte ressursane i eit langsiktig perspektiv og difor bruke mindre råvarer og redusere avfall, utslepp og energibruk. Flest mogleg må vere i arbeid og alle som ønsker det må få moglegheit til å bidra i lokalsamfunnet.

## Miljømessig berekraft

Kommunen må sikre økosistema og deira evne til å oppretthalde artsmangfald og levere økosystemtenester. Vi må redusere klimagassutslepp og miljøgifter og ta vare på verdifulle naturressursar og matjord.

## Føremålet med langsiktig drifts- og investeringsstrategi

Ein føresetnad for å sikre gode tenester til Sula kommune sine innbyggjarar i framtida er at vi forvaltar økonomien vår slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Til dette treng vi eit verktøy i arbeidet med å sjå inn i glaskula for å kunne prioritere mellom gode føremål som skal bidra til berekraftige utvikling. Langsiktig drifts- og investeringsstrategi (LDIS) er eit slikt verktøy.

Årsbudsjettet ser eit år fram i tid, og økonomiplanen ser fire år fram i tid. Dette er for kort med tanke på at mange av dei vedtaka som blir gjort i ein 4-årsperiode påverkar økonomien i kommunen på lang sikt. Til dømes kan låneopptak til nytt bygg påverke økonomien framover i 40 år i form av renter og avdrag. Langsiktig drifts- og investeringsstrategi har ein horisont på 16 år og dei første åra strategien dannar grunnlag for den fireårige økonomiplanen.

## **Samfunnstrendar og utfordringsbilde**

Verda er meir uføreseieleg enn på mange tiår og dei store samfunnstrendane påverkar også Sula kommune. Etter år med pandemi, global uro og krig har den økonomiske situasjonen endra seg globalt, nasjonalt og lokalt. Marknaden er ustabil, renta er høgare og prisane har auka. Vi merker det på vår private økonomi, og det rammer kommunen sin økonomi og tjenester hardt. Det samla biletet av utfordringar er nytt, krev nytenking og ein lang planleggingshorisont. I arbeidet med rullering av samfunnsplanen er det samla mykje [kunnskap](#) om desse utfordringane.

Analysane syner at vi må løyse oppgåvene på nye måtar. Vi må organisere oss effektivt, attraktivt og ha administrativ og politisk vilje til å handle i forkant av utfordringane som kjem. Vi må våge å tenke langsiktig, heilskapleg og på tvers. Vi må også ha mot til å tenke stort nok til at løysingane våre vil monne. Lukkast vi med å tenkje strategisk og langsiktig i kombinasjon med å omsetje dette til konkrete handlingar i dag og i morgen vil framtida sjå lys ut for Sula-samfunnet.

Forhold som er spesielt viktige i forhold til kommunens økonomi og for arbeidet med LDIS er:

### **Utfordringar vi må handtere:**

- Demografiske endringar gir fleire eldre i befolkninga og ein større del innbyggjarar som ikkje er i yrkesaktiv alder.
- Desse endringane fører til behov for endra bustadpolitikk.
- Auka forskjellar mellom innbyggjarar når det gjeld levekår, sosial helseulikhet og samfunnsdeltaking.
- Strammare økonomiske rammer samtidig som oppgåvemengda, kompleksiteten og forventningane til velferds- og tenestetilbodet aukar.
- Meir komplekse sjukdomsbilete og uforløyst potensiale i førebygging.
- Globale og nasjonale klimamål stiller store krav til reduksjon av klimagassutslepp for å nå lokale, regionale, nasjonale og globale mål.
- Meir ekstremvær i form av økt nedbør, flaum, økt stormflo og økt skredfare som følgje av klimaendringar.
- Auka press på arealressursane i kommunen.

### **Moglegheiter vi må gripe:**

- Større vilje til samskaping med næringsliv i lokalsamfunnet for å løyse viktige samfunnsoppgåver .
- Folkehelse som ein samfunnsressurs.
- Eit styrka og variert nærings- og arbeidsliv med blågrøn omstilling.
- Dugnadsånda i kommunen er sterkt og bidreg til eit levande lokalsamfunn.
- Ta vare på naturmangfaldet og legge til rette for miljøvennleg areal- og transportbruk og eit redusert klimaaavtrykk.
- Digitale løysingar gir nye moglegheiter for kommunikasjon og samhandling.

- Ein kommuneorganisasjon som vidareutviklar sin rolle som myndigheitsutøvar, tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

### **Vi må skape endring og vi må gjere det saman**

Dei nærmaste åra kjem til å krevje mykje av oss alle. Løysningar som vi trudde på i går, viser seg kanskje å ikkje lenger vere berekraftige. Også i Sula kommune må ta vi krevjande val for å sikre at vi i åra framover kan skape eit samfunn og tenester innanfor det vi har av ressursar. Undervegs i omstillingsarbeidet skal vi sikre at innbyggjarane stoler på at dei får det dei treng når dei treng det, men kanskje på andre måtar enn dei er vande med.

### **Vi har ulike roller i omstillinga, og vi må samarbeid efor å lukkast**

I Sula kommune har vi med **dagens prognosar** for framskriving av frie inntekter eit omstillingsbehov på om lag 25 million kroner. Ein stor del av omstillinga handlar om at vi må gjere vanskelege prioriterer mellom ulike gode føremål men også innrette tenestene på nye måtar som er meir effektive. Begge delar kan skape uro både blant innbyggjarar, tilsette og politikar. Vi kan fort bli sett opp imot kvarandre og bli utforda på tilliten oss i mellom. Innbyggjarar vil kanskje oppleve at det vert endringar i tenestene dei er vande med få. Dei vil bli utfordra på å ta andre og meir aktive val for eiga helse og kvar dei skal bu når dei vert eldre. Vi vert også avhengig av at enno fleire vil bidra til frivillig innsats til det beste for lokalsamfunnet.

Våre tilsette som er kommunen sin viktigaste ressurs er avgjerande for å kunne lukkast med den nødvendige omstillinga. Dei gjer sitt beste kvar dag for å sikre gode tenester, og kjem til å bli utfordra på å vere med på nye måtar å gje tenestene på i framtida. Dei må oppleve å få tillit og friheit til å løyse de daglege oppgåvane i samhandling med innbyggjarane på ein god måte. Samtidig vil dei oppleve at det vert tatt overordna prioriteringar som dei kanskje fagleg sett er usamde i.

Politikarar i Sula vil oppleve å måtte ta vanskelege val. Dei skal balansere mellom å vere ombodsmenn for enkeltinnbyggjarar og enkeltsaker og samtidig ta avgjerder som gagnar heilskapen. Det handlar om å velje og å velje bort, og vanskeleg prioriteringar og om å ha mot og vilje til å ta avgjerder. Kommunen sin administrasjon skal leggje til rette for at politikarar har innblikk i og kunnskap om heilskapen slik at dei kan gjere verdival utifrå sin politiske ståstad og at demokratiske prosessar på denne måten vert respektert og ivaretatt.

***Vi har det som skal til: engasjerte innbyggjarar og aktive frivillige, eit spanande næringsliv som ønskjer å spele på lag om samfunnsutviklinga, engasjerte og ansvarlege politikarar, dyktige og kompetente medarbeidarar og eit godt samarbeid med dei tillitsvalde og verneombod.***

*Vi ønskjer kvarandre lukke til med arbeidet!*

## UTFORDRINGAR OG RISIKOAR

Å beskrive korleis kommunen vil utvikle seg 20 år fram i tid er ikkje ein eksakt vitskap. Sjølv om vi vil kunne seie noko om drivkrefter som med stor sannsyn vil være med på å prege samfunnsutviklinga i Sula er det mange faktorar som kan spele inn. Vi må rekne med at det også framover kjem endringar som ikkje er kjent og tatt høgde for. Store globale eller nasjonale endringar og kriser kan endre risikobildet vesentleg.

I dette bildet vert planlegging utfordrande, og det er viktig at har ei risikobasert tilnærming og at vi identifiserer dei største risikoane for å sikre at vi hindrar at dette skjer, eller at vi reduserer dei negative konsekvensane dersom noko skulle skje.

<b>Statleg regulering</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Staten si handtering av kommunar inkludert inntektsfordeling mellom kommunane</li><li>• Statleg normering og brukarrettigheterdtering</li><li>• Endra prioritering av kommunane i nasjonalbudsjetten</li><li>• Eigenbetaling/ medfinansiering frå brukarar og utbyggjarar</li></ul>
<b>Finansiell og marknadsmessig risiko</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Høg kommunal gjeld</li><li>• Renteauke</li><li>• Inflasjon</li><li>• Prispress</li><li>• Finansielle tap</li></ul>
<b>Risiko knytt til drift og tenester</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Stort omstillings og utviklingsbehov</li><li>• Mangel på kvalifisert arbeidskraft og auka kostnada</li><li>• Planlagt effektivisering let seg ikkje gjennomfører</li><li>• Høg kommunal gjeld ( stor andel til avdrag og renter)</li></ul>
<b>Investeringsrisiko</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rett kostnadsestimat i investeringsprosjekt</li><li>• Kapasitet til å gjennomføre prosjekta</li><li>• Auka prisar grunna marknadssituasjonen</li><li>• Manglende konkurranse i marknaden elelr</li><li>• Tilstrekkeleg med tilbydarar til å oppnå fornuftige prisar på entrepriser</li><li>• Kostnadsauke grunna nyt miljøkrav, naturkriser og klima og miljøkrise.</li></ul>

## DEL 1: FINANSIELLE MÅLTAL OG HANDLINGSREGLAR

### 1.1 Økonomisk situasjon

#### Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune

- Lave frie inntekter samanlikna med andre kommunar
- Lave kostnader på så godt som alle tenesteområda i forhold til samanlikningskommunar
- Høg og aukande gjeld gir auka utgifter til rente og avdrag
- Bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden

#### Lave frie inntekter samanlikna med andre kommunar

Sula kommune har lave frie inntekter. Fri inntekter kan kommunar fritt disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar. Dei frie inntektene består i hovudsak av rammetilskot frå staten og skatt på inntekt og formue. Enkelte kommunar har i tillegg egedomsskatt, inntekt frå konsesjonskraft, havbruksinntekter og fordel av differensiert arbeidsgivaravgift.

I kommuneopposisjonen (frå kommunal- og distriktsdepartementet) blir det kvart år publisert ein oversikt over nivået på frie inntekter for alle av landets kommunar. Tabellen nedanfor er henta frå kommuneopposisjonen 2025. Tabellen viser nivået på frie inntekter i 2023 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov. Tabellen viser prosent av landsgjennomsnittet av inntekt per innbyggjar. Landsgjennomsnittet = 100.

Kommune	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Sula kommune	95	91	91	90
Giske kommune	95	94	94	93
Ålesund kommune	98	96	96	95
Sykylven kommune	94	92	93	94
Stranda kommune	96	96	97	98
Rauma	96	100	101	102

- **Alt. 1:** Korrigerte frie inntekter eksklusiv egedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt frå konsesjonskraft, kraftrettar og annan kraft for vidaresal
- **Alt. 2:** Korrigerte frie inntekter inklusiv egedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt frå konsesjonskraft, kraftrettar og annan kraft for vidaresal
- **Alt. 3:** Som i alternativ 2, pluss havbruksinntekter
- **Alt. 4:** Som i alternativ 3, pluss fordel av differensiert arbeidsgivaravgift

Rangert etter alternativ 4 så er Sula kommune den kommunen i Møre og Romsdal med lavast inntektsnivå. Det er 10 andre kommunar i landet som har eit inntektsnivå på 90 eller mindre.

Sula kommune skal levere dei same kommunale tenestene som andre kommunar. Dette må vi gjere for 90% av gjennomsnittleg inntekt. Dette er utfordrande for økonomien.

I kommuneproposisjonen er det foreslått å gjere enkelte justeringar i inntektssystemet. Ei av endringane er høgare inntektsutjamning. Dette vil slå positivt ut for Sula kommune. I kommuneproposisjonen er det anslått at endringane vil slå positivt ut med ca. 12 million kroner for Sula kommune i 2025, og i åra deretter med 9 million kroner i positiv effekt.

Nivå på egedomsskatt er ein av forklaringane på endring i inntektsnivå frå alternativ 1 til alternativ 2:

Egedomsskatt	Sats i 2024
Sula kommune	1 promille
Giske kommune	3 promille
Ålesund kommune	2 promille
Sykylven kommune	3,2 promille
Stranda kommune	4 promille
Rauma kommune	4 promille

### Lave kostnader på så godt som alle tenesteområda i forhold til samanlikningskommunar

Tabellen nedanfor syner kor mange million kroner Sula kommune skulle ha brukt / kunne ha spart per tenesteområde dersom vi hadde eit utgiftsnivå per tenesteområde som var på gjennomsnitt med kommunane i vår kostragruppe (Kilde: Framsikt Analyse, basert på Kostratal frå SSB publisert 17.06.2024)

Kostragruppe 01	
■ Grunnskole	-32,6
■ Pleie og omsorg	16,2
■ Barnevern	-1,5
■ Barnehage	-2,2
■ Kommunehelse	-6,3
■ Sosiale tjenester	-8,5
■ Kultur og idrett	-6,5
■ Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	-0,7
■ Adm, styring og fellesutgifter	-6,0
▶ ■ Andre områder	-2,9
<b>Totalt</b>	<b>-50,9</b>

Som tabellen syner har vi eit utgiftsnivå som ligg under gjennomsnittet i vår kostragruppe på omlag alle tenesteområde. Negativt tal syner kor mykje vi ligg under i million kroner.

På eitt område, pleie og omsorg, ligg vi over snittet i kosta gruppa. Dette omfattar alle tenester innanfor pleie og omsorg. I ei djupdykkanalyse av dette området finn vi at det området som vi har høge kostnadalar til samanlikna med andre kommunar, er til personar med funksjonsnedsettingar. Hovudårsaken til dette er at vi har ein lite eгna bustadstruktur og bu tilbod til desse innbyggjarane. Sula kommune har tatt eit viktig første steg med å etablere

Jetmundgarden. Vasset boretslag er også under etablering, og videre treng vi endå fleire gode bu konsept som skal bidra til at også desse av våre innbyggjarar skal få oppleve å bu på måtar som sikrar sjølvstende og meistring.

Men også for andre personar med omsorgsbehov, har kommunen mykje å hente på å legge til rette for fleire universelt utforma og samlokaliserte bustadar sentralt plassert i gode nabolag. Dette er viktig for at innbyggjarane skal meistre kvar dagane sine sjølv i størst mogleg grad og når kommunen skal inn med tenester, kan desse ytast effektivt.

Det låge kostnadsnivået samanlikna med andre kommunar viser at det handlingsrommet er lite med tanke på å redusere driftskostnadene.

### Høg og gjeld gir auka utgifter til rente og avdrag

Lånegjelda har auka kraftig dei siste 10-15 åra. Lånegjelda vil fortsette å auke i åra framover. Den største veksten i lånegjeld vil kome som følge av investering i nytt avløpsrenseanlegg.

Tabellen nedanfor viser utvikling i lån til investeringar (lån eksklusiv startlån) i perioden 2010-2020:

Utvikling lånegjeld 2010-2020	2010	2 012	2 014	2 016	2 018	2 020
Lånegjeld til investeringar	324 921 000	542 522 000	572 651 000	778 645 000	938 823 000	1 046 040 000

Tabell nedanfor viser utvikling i lånegjeld for perioden 2021-2027. Åra 2024-2027 er basert på vedtatt økonomiplan for 2024-2027.

Lånegjeld Sula kommune	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Samla lån Sula kommune	1 200 000 000	1 263 000 000	1 254 000 000	1 345 000 000	1 393 000 000	1 553 000 000	1 642 000 000
Startlån (videreutlån)	48 000 000	56 000 000	69 000 000	81 000 000	93 000 000	105 000 000	117 000 000
<b>Lån til investering</b>	<b>1 152 000 000</b>	<b>1 207 000 000</b>	<b>1 185 000 000</b>	<b>1 264 000 000</b>	<b>1 300 000 000</b>	<b>1 448 000 000</b>	<b>1 525 000 000</b>
Andel VAR av lån til inv.	22 %	22 %	23 %	26 %	32 %	39 %	44 %

Lån til investering (eks VAR)	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Lån ekslusiv VAR	897 000 000	943 000 000	911 000 000	939 000 000	884 000 000	886 000 000	847 000 000
Renteutgifter	11 600 000	14 000 000	27 600 000	35 300 000	36 500 000	32 100 000	33 700 000
Avdragsutgifter	35 200 000	35 000 000	37 600 000	37 800 000	39 200 000	40 000 000	41 500 000
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>46 800 000</b>	<b>49 000 000</b>	<b>65 200 000</b>	<b>73 100 000</b>	<b>75 700 000</b>	<b>72 100 000</b>	<b>75 200 000</b>

VAR sin del av lån til investeringar aukar frå 22% i 2021 til 44% i 2027. Dette skuldast i hovudsak investering i nytt avløpsreinseanlegg. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i kommunale gebyr.

Rente- og avdragsutgifter (ekslusiv VAR) har auka med 26,3 million kroner frå 2021 til budsjett 2024. Auka kjem i hovudsak av auke i rentenivå.

Tabell nedanfor viser utvikling i gjennomsnittleg rente for Sula kommune si samla gjeldsportefølje:

	01.01.2022	30.04.2022	31.08.2022	31.12.2022	30.04.2023	31.08.2023	31.12.2023	30.04.2024	30.07.2024
Gj. snitt rente	1,43 %	1,68 %	1,93 %	2,62 %	2,84 %	3,28 %	3,58 %	3,66 %	3,70 %

Auke i rentenivå fører også til høgare renteinntekt. Endring i netto renteutgifter er derfor ikkje like stor som beløpa som framgår i tabell ovanfor. Tabellen nedanfor viser endring i finansinntekter i perioden 2021-2023:

<b>Finansinntekter</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Renteinntekter	3 103 384	5 549 260	7 861 140
Avkastning fond	8 014 791	-1 568 584	14 997 788
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>11 118 175</b>	<b>3 980 676</b>	<b>22 858 928</b>

<b>Bankinnskudd</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Bankinnskudd IB	234 174 478	243 457 675	195 486 483
Bankinnskudd UB	243 457 675	195 486 483	85 941 956
<b>Gjennomsnitt basert på IB og UB</b>	<b>238 816 077</b>	<b>219 472 079</b>	<b>140 714 220</b>

Renteinntekter var ca 5 million kroner høgare i 2023 enn i 2021. Men her er det ikkje berre rentenivået som påverker. Det er stor forskjell på nivået på bankinnskudd. Avkastning på fond kan variere mykje frå år til år, og er kun til ein viss grad påverka av rentenivå.

### **Bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden**

I 2023 blei det brukt 14 million kroner av disposisjonsfondet. Den økonomiske prognosene ved 1. tertial er bruk av disposisjonsfond på 27 million kroner for 2024. Ved utgangen av 2023 har Sula kommune eit disposisjonsfond på 132 million kroner. Ved årleg bruk av disposisjonsfond på 27 million kroner vil disposisjonsfondet vere tomt i løpet av 5 år.

Sula kommune har ei svært effektiv drift samanlikna med andre kommunar. I alle driftseiningane vert det jobba med kontinuerleg kvardagsomstilling. Til tross for dette så har vi eit for høgt driftsnivå i forhold til det vi har av frie inntekter. Dette er ikkje berekraftig over tid. Ei ytterlegare effektivisering vil bli krevjande men nødvendig.

Gitt framskrivning av frie inntekter med det vi er kjent med i dag, samt ei noko meir offensiv budsjettering på inntektssida er utfordringsbildet at vi må redusere driftskostnadane våre med rundt 25 million kroner dersom vi skal gå i balanse i 2025. Eit kutt på 25 million kroner ville utgjere mellom 20-30 færre årsverk. Alternativt kan driftskostnadane reduserast over noko meir tid. Inntektssida kan også aukast i form av auka eigedomsskatt. Ei auke på 1 promille vil utgjere ca 12 million kroner.

## 1.2 Finansielle måltal

I saka «Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027» (K-66/23) blei følgande vedtatt:

**“Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:**

- **Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.**
- **Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.**
- **Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.”**

Tabellane nedanfor viser indikatorane for Sula kommune i perioden 2019 -2023. Med tanke på samanlikning har vi også tatt med Ålesund, gjennomsnitt Møre og Romsdal, gjennomsnitt landet, og gjennomsnitt i Kostragruppe 1 som Sula kommune tilhører. (Kjelde: Framsikt Analyse. Basert på KOSTRA-tal frå SSB pr 17.06.24)

### Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat består av løpende inntekter fråtrekket løypande utgifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse og det seier noko om kommunen sin økonomiske handlefridom. Nøkkeltalet var over vedtatt måltal i 2022 og 2021.

Sula kommune 2019 - 2023	Beløp	Nøkkeltal Sula
Netto driftsresultat 2023	-13 631 200	-1,4 %
Netto driftsresultat 2022	18 760 642	2,1 %
Netto driftsresultat 2021	32 089 880	3,8 %
Netto driftsresultat 2020	-3 807 858	-0,5 %
Netto driftsresultat 2019	4 693 730	0,7 %

Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra- gruppe 1
2,5 %	0,3 %	0,8 %	-0,8 %
2,9 %	1,9 %	3,0 %	1,6 %
0,4 %	1,8 %	4,3 %	3,6 %
-1,7 %	1,0 %	2,7 %	0,9 %
-2,5 %	-0,7 %	1,9 %	0,3 %

Eit positivt driftsresultat gir mogleheit til å iverksette strategiske driftstiltak på kort sikt som igjen vil kunne gi positiv effekt for drift på lengre sikt.

### Dispositionsfond:

Dispositionsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på dispositionsfond stammar frå tidlegare års overskot. Nivået på dispositionsfondet til Sula kommune er bra og gjer at kommunen fortsett har handlingsrom.

Sula kommune 2019 - 2023	Beløp	Nøkkeltal Sula
Dispositionsfond 2023	131 793 610	14,0 %
Dispositionsfond 2022	145 400 366	16,3 %
Dispositionsfond 2021	125 197 074	14,8 %
Dispositionsfond 2020	99 357 401	12,7 %
Dispositionsfond 2019	84 807 153	11,2 %

Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra- gruppe 1
1,8 %	9,3 %	13,3 %	10,4 %
2,0 %	10,1 %	14,7 %	12,0 %
0,3 %	8,9 %	13,5 %	11,3 %
0,9 %	8,0 %	11,7 %	9,6 %
1,9 %	7,7 %	10,7 %	8,7 %

Dispositionsfond over anbefalt grense bør ikkje brukast til å oppretthalde eit for høgt kostnadsnivå. Dispositionsfondet gir moglegheit på mellomlang sikt til å primært gjennomføre driftstiltak som vil kunne gi positiv effekt for drift på lengre sikt. Sekundært som eigenkapital for å gjennomføre strategiske investeringstiltak.

Dispositionsfond bør halde seg over anbefalt grense. Ein viss størrelse på dispositionsfondet er heilt nødvendig for å sikre økonomisk handlefridom. Dispositionsfondet er også nødvendig som ein buffer til uføresette utgifter, endringar i rammevilkår eller andre uførutsette endringar. Det er også ein viss samanheng mellom størrelse på dispositionsfond og likviditet. Sula kommune bør til ein kvar tid ha minimum 80 million kroner lett tilgjengeleg for å kunne betale ut løn, avgifter og andre utgifter.

Dispositionsfondet til Sula kommune består av følgande:

<b>Dispositionsfond</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Overskotsfond	108 397 517	122 374 273
Risikoreguleringsfond	7 807 264	7 807 264
Flyktningfond	15 067 246	15 067 246
Øvrige ubundne driftsfond	521 583	151 583
<b>SUM</b>	<b>131 793 610</b>	<b>145 400 366</b>

### **Netto lånegjeld:**

Netto lånegjeld er total lånegjeld minus vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene. KS antydar at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014.

<b>Sula kommune 2019 - 2023</b>	<b>Beløp</b>	<b>Nøkkeltal Sula</b>
Netto lånegjeld 2023	1 125 501 158	119,2 %
Netto lånegjeld 2022	1 112 221 028	124,4 %
Netto lånegjeld 2021	1 000 251 266	117,9 %
Netto lånegjeld 2020	910 614 723	116,5 %
Netto lånegjeld 2019	917 588 895	118,8 %

<b>Ålesund kommune</b>	<b>Møre og Romsdal</b>	<b>Landet</b>	<b>Kostra- gruppe 1</b>
110,2 %	110,7 %	88,8 %	94,3 %
104,3 %	112,4 %	88,1 %	96,5 %
101,5 %	112,2 %	87,3 %	96,2 %
102,4 %	110,8 %	89,1 %	97,6 %
100,0 %	108,8 %	85,4 %	94,3 %

### 1.3 Finansielle måltal til bruk i LDIS

Det visast til sak 040/23 som vart behandla i kommunestyret 15.06.2023. I arbeidet med LDIS ser vi det hensiktsmessig å i all hovudsak halde dei gebyrfinansierte tenestene vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing (heretter forkorta til VAR) utanfor resten av kommunen si drift. Tenesteområda har to separate finansieringskjelder.

VAR-tenesta finansierast i sin heilheit frå kommunale gebyr. Gebyrnivå må vurderast opp mot betalingsevne og vilje til innbyggjarane for dei konkrete tenestene sett i forhold til kvalitet på tenesta, samt offentlege pålegg. Innanfor VAR er brukarane både kunde og den som finansierer tenesta.

I resten av drifta er det kommunens innbyggjarar som er brukarar og kundar i ulik grad. Tenestene blir i det vesentlegaste finansiert ved statlege overføringer (rammetilskot og skatteinntekter).

Denne langsiktige drifts- og investeringsstrategien har fokus på kommunen si ordinære drift eksklusiv VAR.

Tabellen nedanfor viser nøkkeltal for Sula kommune for 2023. Tala viser både ordinær drift (drift eksklusiv VAR), og VAR. Dei første kolonnane viser beløpsstørrelse, medan dei siste kolonnane viser beløp i prosent av brutto driftsinntekter.

Indikator	Ordinær drift	VAR	SUM	Nøkkeltal ordinær drift	Nøkkeltal VAR	Nøkkeltal SUM
Netto driftsresultat	-12 973 142	-658 058	-13 631 200	-1,5 %	-1,1 %	-1,4 %
Dispositionsfond	131 793 610	0	131 793 610	15,0 %	0,0 %	14,0 %
Netto lånegjeld	868 073 048	257 428 110	1 125 501 158	98,5 %	411,7 %	119,2 %
Brutto driftsinntekter	881 300 924	62 528 470	943 829 394			

VAR (sjølvkost) skal over tid gå i null (inntekter skal dekke kostnader). Overskot eller underskot blir ført mot bunde driftsfond. Det er grunnen til at det ikkje er dispositionsfond knytt til VAR.

#### Anbefalte måltal for LDIS (måltal ekskl. VAR):

- **Netto driftsresultat skal utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.**  
(I 2023 utgjorde 1,5% av brutto driftsinntekter 13,2 million kroner.)
- **Dispositionsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.**  
(I 2023 utgjorde 10% av brutto driftsinntekt 88,1 million kroner)
- **Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned til 90% innan 2034 (10 år) og 80% innan 2041 (16 år).**  
(I 2023 utgjorde 90% av brutto driftsinntekter 793 million kroner, og 80% utgjorde 705 million kroner)

## 1.4 Handlingsreglar

I komande 16-årsperiode vil det også bli nødvendig å vurdere nye investeringar for å sikre nok kapasitet og effektiv drift. Samtidig har vi eit mål om å redusere lånegjelda.

Handlingsreglane nedanfor viser kor mykje Sula kommune kan investere samtidig som lånegjelda blir redusert. Handlingsreglane skal vere ei langsiktig rettesnor for ønska økonomisk styring og utvikling.

### **Handlingsregel nr 1: Lånegjeld ekskl. VAR skal reduserast med minimum 25 % av årets avdrag eks. VAR**

- Handlingsregelen vil medføre at lånegjelda reduserast med ca. 10 mill. kvart år. Lånegjeld (eks. VAR) vil bli redusert innan 16 år slik at måltalet på 80% er oppnådd.
- Eit gjeldsnivå på 80 % vil bidra til å sikre en god økonomi som vil være stabil og forholdsvis handterbar i forhold til ruteendringar i Norge og verda elles.

### **Handlingsregel nr 2: Årleg lånefinansiert investering eksklusiv VAR kan være på inntil 75% av årets avdrag eksklusiv VAR**

- Årleg avdrag (eksklusiv VAR) utgjer ca. 40 million kroner. Med denne handlingsregelen kan vi kvart år lånefinansiere investerer på ca. 30 million kroner (beløp inkludert MVA blir 37,5 million kroner).
- Handlingsregelen gir moglegheit for investering på inntil 480 million kroner (+ momsrefusjon + tilskot mv) i dei komande 16 år.
- Ca 1/3 av årleg investering (ca. 10 million kroner) vil sannsynlegvis gå med til forløpende investeringar (som f.eks. bygningsmessig vedlikehald, investeringstilskot til Sula Sokn, utskifting av bilar osv.). Resterande 2/3 (ca. 20 million kroner) kan gå til strategiske konkrete investeringar
- Dersom hensiktsmessig kan ein spare opp midlar over fleire år med tanke på større investeringar.
- Større investeringar som gir klare kostnadseffektiviserande gevinstar bør investerast i forkant under føresetnad om tilsvarande investeringsstopp i komande år.

(I berekningane har vi ikkje tatt omsyn til inflasjon. Brutto driftsinntekt vil auke som følgje av inflasjon. Dette vil isolert sett bidra til at nøkkeltalet vil forbetra seg. Men samtidig vil prisane på nye investeringar stige. Vi har forutsett at desse effektane i stor grad vil gå mot kvarandre.)

### **Handlingsregel nr 3: Investeringstiltak ut over det som vert omhandla i handlingsregel 2 krev eigenkapitalfinansiering, i prioritert rekkefølge:**

1. Bruk av investeringsfond.
2. Sal av eigedom. (Inntekter overførast til Investeringsfond)
3. Bruk av disposisjonsfond. (Sjølv om disposisjonsfond primært bør brukast til driftstiltak er og mogeleg å overføre frå drift til investering.)

## DEL 2: PARALLELLE GREP FOR Å SIKRE BEREKRAFTIGE TENESTER INNANFOR EIN BEREKRAFTIG ØKONOMI

Vi hadde ved utgangen av 2022 eit disposisjonsfond på kr 146 million kroner. I 2023 nytta vi 14 million kroner av disposisjonsfondet. Prognosene for 2024 tilseier bruk av disposisjonsfond på 27 million kroner. Ved årleg bruk av disposisjonsfond på 27 million kroner vil disposisjonsfondet vere tømt i løpet av 5 år.

Dette betyr at vi ikkje kan halde fram som no i håp om «stang inn».

Hovudårsaka til den endra økonomiske situasjonen i Sula kommune er dei økte renteutgiftene. I tillegg har ikkje skatteinngangen vore like høg. Slik kommunedirektøren ser det er det ikkje forsvarleg å redusere drifta i eit så stort omfang som er nødvendig for å få balanse i økonomien. Fleire parallelle grep må gjennomførast.

### Forslag til parallelle grep:

1. Gjennomføre kortsiktige effektiviseringstiltak og kutt i drifta fortløpende der dette ikkje går på tvers av strategi for heilskapleg innsats (tidleg innsats og førebygging)
2. Gjennomføre prioriterte driftsprosjekt med mål om omstilling i samsvar med strategi for heilskapleg innsats som vil få effekt over tid (med tydelege mål og måleindikatorar som vert følgt med på over tid)
3. Gjennomføre prioriterte investeringsprosjekt der målet er at dei skal bidra til meir effektiv drift av tenestene
4. Auke investeringsfond ved sal av eigedomar der dette er i samsvar med vedtatt eigedomsstrategi (styrka eigenkapital til investeringstiltak)
5. Auke eigedomsskatten frå dagens 1 promille til 3 promille i planperioden dersom dagens rentenivå ikkje vert betydeleg redusert, eller at dette vert kompensert på andre måtar gjennom auka frie inntekter til kommunane.

Sula kommune har låge kostnadars på omlag alle tenesteområde og det vert vurdert som urealistisk å få balanse i økonomien berre gjennom å kutte i dei kommunale tenestene. Eit kutt på 25 million ville utgjere mellom 20-30 færre årsverk. Dersom det skal vere mogeleg å drifte forsvarlege tenester med 20-30 færre årsverk krev det at ein gjennomfører fleire større strukturelle grep. Slik kommunedirektøren ser det er dei større strukturelle grepene allereie gjennomført i Sula kommune. Dette er nok også årsaka til at drifta er så effektiv som den er. Som omtalt i denne langtidsstrategien er det framleis område der vi har potensiale til å hente ut effektar av større strukturelle grep. Dette gjeld bustadar til menneske med nedsett funksjonsevne og omfattande hjelpebehov. Vi er i gang med å etablere dette, og bør prioritere fleire byggjetrinn framover.

Nokre kostnadsreduserande tiltak i drifta kan ha effekt på kort sikt, medan andre tiltak og satsingar vil ta tid. For å sikra at vi ikkje bruker opp kommunen sitt driftsfond i perioden er vi avhengig av å auke inntektssida. Dette kan gjerast gjennom sal av eigedomar for å sikre eigenkapital til å gjennomføre investeringar, og det bør samtidig innførast auka eigedomsskatt. Utan auke i inntekter er vi i ein svært vanskeleg situasjon med tanke på at vi

har eit driftsnivå på tenestene våre i dag som er blant det lågaste i landet. Det er vanskeleg å sjå føre seg korleis vi skal kunne gje dei lovpålagde tenestene innbyggjarane har krav på, evne å rekruttere folk og kompetanse, samt drive fram nye måtar å løyse oppgåvane på utan av vi samtidig aukar inntektssida. Fleire parallelle grep bør difor gjennomførast samtidig dersom Sula kommune vil unngå å kome i ein situasjon ein vert sett under statleg styring (Robek).

### **Kvífor ei gradvis omstilling?**

Sula kommune har utvikla ei innsatstrapp og ei bustadtrapp som skal fungere som eit rammeverk for korleis vi kan utvikle berekraftige tenester og samfunn. Trappa synleggjer kva for tenester vi tilbyr som kommune og kva for tilbod som finst i lokalmiljøet. På dei første trinna har vi dei universelle og førebyggjande tenestene og jo høgare i trappa jo meir inngripande og kostnadskrevjande tenester.

Ei bevisst satsing på tenester på dei første trinna (venstreforskyving) skal bidra til å redusere behovet for dei meir inngripande tenester seinare i livet. Dette til det beste både for innbyggjarane, og i at vi skal evne å gje tenestene innanfor det vi har av tilgjengeleg ressursar og kompetanse.

Når vi skal effektivisere må vi gjere det i samsvar med denne måten å tenkje på. Det motsette vil vere å leggje fram ei kuttliste med risikoen for at kutta verkar mot si hensikt og bidra til at kostnadane aukar på sikt. Målet må vere å investere i tenester som over tid skal sikre ei venstreforskyving i innsatstrappa.

Når vi på ein slik planmessig måte skal bevege oss nedover i trappa for å møte innbyggjarane sine behov på lågast mogeleg trinn, må vi også følgje med på om vi faktisk lukkast med å dette. Både driftstiltak og investeringsprosjekt må framover ha tydelege mål og gevinstplanar der vi kan følgje med på at det vi gjer faktisk har effekt.

Vi veit at effekten av tidleg innsats og førebygging ikkje er ein kvikk- fiks, og effektane vil kome gradvis over tid. Det kan i tillegg vere tvers vanskeleg å måle konkret effekt av kvart tiltak, og det er mange faktorar som spelar saman og gjensidig påverkar kvarandre.

For å forankre denne måten å arbeide på er det utarbeida ein strategi knytt til samfunnsplanen som kan vere ei rettesnor i arbeidet. Denne skal handsamast politisk hausten 2024. Det er også omtalt

## 2.1 Dei viktigaste fokusområda

I samband med pågåande planarbeid har vi fått ny kunnskap om utfordringsbiletet. Med bakgrunn i dette vil kommunedirektøren anbefale følgjande fokus i åra framover:

- Det må satsast videre på tidleg innsats og auka meistring for barn og unge
- Heimetenesteorienteringa og satsinga på førebygging og rehabilitering i Sula kommune bør vidareførast og styrkast
- Vi må ha ein barnehage og skulestruktur som er attraktiv og som sikrar god kapasitetsutnytting innanfor det vi har av samla ressursar

- Det må utviklast fleire gode og mangfoldige bummiljø for menneske med funksjonsnedsettingar og omfattande hjelpebehov
- Vi må evne å gjennomføre vedtatte eigedomssstrategi for å sikre ein strategisk og aktiv bustadpolitikk
- Vi må evne å gjennomføre nødvendige investeringar til formålsbygg, samt finne gode modellar for samarbeid mellom private aktørar og husbank for å realisere ønska bustadutbygging.
- Vi må ha eit oppdatert planverk som gjev tydeleg retning mot ønska samfunnsutvikling
- Vi må ha ein teknisk infrastruktur som er berekraftig
- Vi må vidareutvikle kultur og kompetanse for samskaping og innbyggjardialog (med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og innbyggjarar)
- Vi må ha ei organisering og ein organisasjonskultur som gjer oss til ein attraktiv arbeidsgjevar

Dei ulike anbefalingane må arbeidast med på ulikt vis. Noko skje fortløpende i dagleg drift eller i pågåande satsingar. Andre krev at vi organiserer dei som drifts eller investeringsprosjekt.

Kulepunktta er ikkje uttømmande, men dekker etter vår vurdering det som bør har størst fokus dei neste åra og vil bli lagt til grunn for drift og investeringstiltak framover.

For tiltaka som krev prosjektorganisering vil desse samlast i eit omstillingsprogram. Dette for å prioriterer ressursbruken inn mot det som har mest effekt. Potensialet for økonomisk gevinst og i kva grad prosjektet vil bidra til å nå kommuneplanen sine overordna mål må vege tyngst i prioriteringa.

Programma og prosjekta vil bli omtalt nærmare i budsjett og økonomiplan og det vil bli rapportert på mål og resultat fortløpende og i samsvar med dei vedtatte rapporteringsrutinene.

## DEL 3: TILTAKSPLAN FOR DRIFT

### Tiltak vil bli konkretisert i budsjett og økonomiplanen.

Målet er at tiltak som skal bli iverksett skal bidra til å sikre ein meir berekraftig økonomi i kommunen, utan at kvaliteten på tenestene til innbyggjarane skal bli redusert. Tiltaka skal difor i tråd med strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune.

Å planlegge for, og gjennomføre dei riktige tiltaka, krev tydelege mål og gevinstplanar, der vi kan følgje med på at det vi gjer faktisk har ønska effekt. Det er difor viktig å identifisere og følgje opp dei indikatorane som kan målast og knytast til tiltaka. Nokre tiltak vil likevel ikkje ha ein direkte årsak og verknad-samanheng, og den ønska effekten kan vere vanskeleg å måle.

### Det er tre kategoriar av driftstiltak og forventa effekt i planperioden:

#### 1. Effektivisering av drifta som følgje av investeringstiltak

Investeringstiltak er omtalt under tiltaksplan for investering. Nokre av desse investeringane vil gje meir effektiv drift, og innsparing er lagt inn i planperioden.

#### 2. Effektivisering av drifta med bakgrunn i strategi for heilskapleg innsats

Strategi for heilskapleg innsats skal omsetta til konkrete prosjekt og tiltak som på sikt skal bidra til ei venstreforskyving i innstatstrappa der styrking av dei lågaste trinna skal redusere behova for dei meir inngripande tenestene. I strategi for heilskapleg innsats (handsamast i kommunestyret 03.10.24) finn du meir informasjon som vil danne grunnlag for prioriterte satsingar og tiltak i budsjett og økonomiplan.

#### 3. Fortløpande kostnadskutt

Fortløpande kostnadskutt vert nærmare omtalt i budsjett- og økonomiplan.

Langsiktig drift og investeringsstrategi legg til grunn at det i 2025 og 2026 må identifiserast tiltak for kutt i drifta på 0,5% per år.

Døme på dette kan vere reduksjon i sørvisnivå, avslutte medlemskap og støtteordningar, redusere bruk av private tenester som til dømes vikarbyrå, reduksjon av kostnadar til møter og møtefasilitering, kompetansehevingstiltak og reiseutgifter.

## DEL 4: TILTAKSPLAN FOR INVESTERING

### Tiltak må endeleg vedtakast i budsjett og økonomiplan, eventuelt fremmast som eigne saker.

Alle investeringsprosjekt må ha større eller mindre mogelegheitsstudier og forprosjekt for å gjøre nærmere vurderinger av innretning og kostnad. Finansiering av desse forstudia må prioriterast og innarbeidast i økonomiplan. I tiltaksplan nedanfor har vi foreslått årstal og beløp. Dette er for å gi ein indikasjon. Men både tidsplan og investeringsbeløp vil kunne endre seg etter gjennomført forprosjekt.

Nedanfor følger to tabellar som viser plan for framtidige prosjekter:

- Tabell 4.1 viser investeringar som påverker økonomien i form av auke i lånegjeld. Dette vil medføre auke i rente- og avdragsutgifter.
- Tabelle 4.2 viser prosjekter som i stor grad er sjølvfinansierande. Det betyr f.eks utgifter til finansiering av ein bustad vil bli dekt av leigeinntekter. Det kan også bety at Sula kommune står for ei mellomfinansiering i byggeperioden også blir prosjektet solgt ved ferdigstillelse. Desse prosjekta vil i mindre grad påverke den samla økonomien til Sula kommune.

Sjølv om dette er ein langsiktig plan så har vi i tabellane nedanfor fokusert på dei neste 7 åra.

#### 4.1 Investeringar som påvirker økonomien i form av auka lånegjeld

**Tabell 4.1 Langsiktig investeringsplan**

Ref.	Investeringstiltak	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
4.1.1	Løpende investeringar	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
4.1.2	Tiltak for å redusere særleg farlig skuleveg	2 000	4 000	4 000	2 000	2 000	2 000	2 000
4.1.3	Tenestesenter (helsehus)	2 000	6 000	80 000	120 000	0	0	100 000
4.1.4	Barnehage	500	0	0	60 000	0	0	0
4.1.5	Barne og avlastningsbustad (forprosjekt)	500	0	0	0	0	0	0
4.1.6	ROP leiligheter herunder nødleilighet (forprosjekt)	500	0	0	0	0	0	0
	<b>SUM</b>	<b>13 500</b>	<b>18 000</b>	<b>92 000</b>	<b>190 000</b>	<b>10 000</b>	<b>10 000</b>	<b>110 000</b>

#### 4.1.1 Løpende investeringar

I investeringsplanen har vi lagt inn 8 million kroner kvart år. Dette er basert på historikk. Dette skal dekke årleg rammeløyve for investeringar til IKT, eigedom, Sula Sokn, samt diverse andre mindre investeringar.

#### 4.1.2 Tiltak for å redusere særleg farlig skuleveg

Trygge skulevegar: Vedtatt i gjeldande økonomiplan for 2024-2027. For å redusere behovet for at skulevegar vert vurdert som særleg farlege, bør det gjennomførast ei analyse og leggjast ein samla plan som sikrar trygge skulevegar i heile kommunen.

#### **4.1.3 Tenestesenter**

Fleire av bygga våre har sprengt kapasitet, mest prekært er det for legekontoret, og på same måte kapasiteten ved storkjøkkenet på Sulatunet. Fleire av bygga har manglande funksjonalitet, og det er behov for å samlokalisere for å oppnå meir effektiv drift, gode tenester og attraktive arbeidsmiljø. For å møte akutte behov for auka kapasitet og bygge ein framtidssretta arena for effektiv samhandling og koordinering, bør ein no ta steget til å investere i eit tenestesenter. Målet må vere å samlokalisere for effektivitet, sørvis og rekruttering, og at senteret vert oppfatta som innbyggjarane sitt eige.

Det må også gjerast vurderingar av bruken og utnyttinga av Sula rådhus, og eventuell annan bygningsmasse som kan verte fristilt dersom det vert investert i eit tenestesenter.

Desse vurderingane er naturleg å ta i samband eit mogelegheitsstudie knytt til tenestesenter. Ein slik studie må vurdere plassering/tomteval, om kommune sjølv skal stå som utbyggjar/eigar og kva for tenester/funksjonar som kan ta ut størst synergiar ved samlokalisering og i kva grad det kan vere mogleg å gjennomføre i fleire byggetrinn. Ein må også vurdere potensialet for naturlege eksterne leigetakrarar, som t.d. NAV, apotek, distriktstannklinik og kva synergiar det kan gi.

##### Føresetnadar i tabellen 4.1:

Tenestesenteret er i 2025 budsjettert med 2 million kroner til mulighetsstudie og forprosjektering. I 2026 er det budsjettert med 6 million kroner til kjøp av tomt på 6 mål. I tabellen er det budsjettert med 200 million kroner i byggetrinn 1 (4.000 m<sup>2</sup>) og 100 million kroner i byggetrinn 2 (2.000 m<sup>2</sup>). Det er lagt til grunn en bygkekostnad på kroner 50.000,- pr m<sup>2</sup> (øvre skala).

Plassering (eventuelt kjøp av tomt), størrelse og funksjoner i tenestebygget, samt ulike byggetrinn, avklares i mulighetsstudie.


#### **4.1.4 Barnehage**

Under møtet i (mellombels politisk) utvalet 11. mars i år, blei det lagt fram ei orientering om kapasitet og behov i skulane og barnehagane i kommunen (sjå saksvedlegget “Kartlegging barnehagebehov 2024-2034). Denne viser med utgangspunkt i den same framskrivinga som nemnd ovanfor under punktet om bustadbygging, at det i **skulane** i all hovudsak på sikt vil vere tilstrekkeleg kapasitet, men at kapasiteten ved Langevåg skule vil vere noko anstrengt fram mot 2028 (elevtal 521, 464, 454). Sula ungdomsskule vil ha store kull i åra 2024-2028.

For **barnehagane** er det mangel på barnehageplassar på indre del av kommunen og overkapasitet i Langevåg. For dei kommunale barnehagane vil ei strukturendring til fleire større kommunale barnehagar kunne bidra til optimal kostnadseffektiv drift og såleis påverke dei totale utgiftene som også omfattar tilskot til dei private barnehagane.

I arbeidet med kartlegging av barnehagebehov skildrar kommunalområde Kultur og oppvekst ulike alternativ, og i deira behovsplan for barnehagane (sjå vedlegg), peikar Sunde barnehage seg ut med størst behov og den barnehagen som vil gi størst effekt for drifta.

I denne delen av kommunen eig kommunen tomteområde både på Nausthaugen (ca. 30 dekar) og Olamyra (gbnr. 63/108) på nærmere 40 dekar. På Olamyra er vel ein tredjedel av arealet avsett til offentlege bygg/offentleg eller privat tenesteyting og peikar seg ut som meir formålstenleg enn Nausthaugen/Pebakken. Også her må det gjennomførast ein studie der trafikkmessige avklaringar forhold vil kunne bli avgjerande. *Figuren viser desse eigedomane i turkis farge:*



#### Føresetnadar i tabellen 4.1:

Forprosjekt som er budsjettet i 2025 vil sjå nærmere på kapasitetsutfordringane fram i tid. Vurdere når det er hensiktstmessig å bygge en ny barnehage. Kvar den skal byggast og om det skal være 4 eller 6 avdelingar. I tabellen over er det budsjettet med utgangspunkt i erfaringer frå Langevåg barnehage (6 avdelingar og 1.200 m<sup>2</sup> og ein byggekostnad på kr 50.000 pr m<sup>2</sup> som er i øvre skala).

Eit eventuelt salg av noverande eigedom til Sunde barnehage vil inngå i finansieringa, dvs. redusere behov for låneopptak.

#### **4.1.5 Barne- og avlastningsbustad**

Førebyggjande avlastningstilbod til barn og unge er også ei teneste der vi i dag ikkje har god nok kapasitet og funksjonalitet til å møte behova tidleg nok slik at det kan utsette behovet for tyngre offentlege tenester. Vi veit at gode avlastningstenester er viktig for at barn og ungdom kan bu lengre i lag med familien sin. Kommunen er kjent med 23 barn og ungdom som i løpet av få år venteleg vil søke om etablering i eigen bustad. Desse kjem i tillegg til dei unge vaksne som skal bli sjølveigarar i Vasset boretslag. Behova til desse personane må vi møte offensivt med gode tilbod lavt i innsatstrappa og plan for, og tilgang til, eigna bustadar - og det hastar.

Forprosjekt gjennomførast i 2025 der tenestebehovet konkretiseres og fastsetting av når tiltaket bør gjennomførast. Tiltak delfinansierast gjennom Husbankordninge og legeinntekter. Forprosjektet skal avklare behov for kommunal finansiering.

#### 4.1.6 ROP - leiligheter

Innan for rus/ psykiatri har vi ei veksande gruppe der fleire har vanskar med å skaffe seg eigna bustad. Særleg personar med samtidig rus- og psykisk helseutfordringar (ROP), er sårbare. Det er p.t. fleire personar i kommunen som ikkje bor godt nok og som får redusert sjansane for å kome i arbeid og kome over i ein betre livssituasjonen pga. manglande eller lite eigna bustad. Faren for permanent utanforskap for desse personane er betydeleg. Kommunen har i dag for få eigna utleigebustadar til menneske med slike behov og vi manglar robustbustadar.

Forprosjekt gjennomførast i 2025 der tenestebehovet konkretiseres og fastsetting av når tiltaket bør gjennomførast. Tiltak delfinansierast gjennom Husbankordninge og legeinntekter. Forprosjektet skal avklare behov for kommunal finansiering.

## 4.2 Tiltak som i all hovudsak er sjølvfinansierande

**Tabell 4.2 Prosjekter som i stor grad er sjølvfinansierande**

Ref.	Investeringstiltak som i stor grad er sjølvfinansierande	2025	2026	2027	2028	2029	2030
4.2.1	Bukkonsept i samarbeid med private (Nausthaugen)						
4.2.1	Bukkonsept i samarbeid med private (neste byggetrinn)						
4.2.2	Bustader til mennesker med nedsatt funksjonsevne. Vasset borettslag (byggetrinn 2 i bu- og aktiv.tenesta)						
4.2.2	Bustader til mennesker med nedsatt funksjonsevne. Byggetrinn 3 og 4 i bu- og aktivitetstenesta				Byggetrinn 3	Byggetrinn 4	

#### 4.2.1 Bukkonsept i samarbeid med Husbanken og private aktører

Ei satsing på fleire leilegheiter tilrettelagt for å leve livet ut i egen heim vil ha behov for eit nært samarbeid med både Husbanken og private aktørar. Sula kommune vil trulig ha behov for å mellomfinansiere for å stimulere til leilegheitsutbygging.

Sula kommune er til forskjell frå dei fleste kommunar i fylket ein kommune med vekst i folketalet. Framskrivningar viser ei auke i innbyggjarar frå 2025 mot 2040 og 2050 (middelalternativet) på høvesvis 10% og 14% med størst auke for dei over 67 år (44% og 70%) og særleg for dei mellom 80-89 år med 109% og 173%.

Dette kjem også fram i [bustadanalyesen utarbeidd av Agenda Kaupang \(januar 2024\)](#) som difor peikar på eit stort behov for tilpassa bustadar med universell utforming slik at folk kan bu trygt i eigen heim lengst mogleg. Utbygging av slike husvære vil òg opne for at fleire einebustadar etterspurd av og eigna for barnefamiliar, vil kome for sal i den private marknaden.

I eit [innspeil \(mai 2024\) til Eigdomsstrategien](#) peikar kommunalområde Helse og meistring på at leilegheiter for eldre må lokaliserast i rullatoravstand (300-500 m) til sørvisfunksjonar og

møteplassar og evt. kommunikasjonspunkt som gjer folk sjølvhjelpte og sosialt aktive. Dette betyr ikkje at sentrum og lokalsentre skal “overbefolkast” med eldre, men det må vere nok plass til dei. Tenlege, samlokaliserte og rett plasserte husvære med universell utforming og tilgang til fellesareal vil vere avgjerande både for den enkelte og tenesteytinga.

Dette området har ein godkjend reguleringsplan der formålet er “privat og offentleg tenesteyting” og såleis eit prosjekt som kan gjennomførast innan ein relativt kort tidshorisont ettersom ein reguleringsprosess gjerne tek 2-3 år å gjennomføre.

Kommunedirektøren vil difor i løpet av hausten legge fram ei politisk sak om at kommunen i samarbeid med Husbanken, skal utvikle eit prosjekt der delar av kommunen sitt areal (som totalt er ca. 30 dekar) lysast ut for sal, med føresetnad/vilkår om at det skal byggast (eit visst antal) tilpassa bustadar. Desse skal byggast etter Husbanken sine retningslinjer slik at kommunen skal kunne gå inn som kjøpar og/eller stå for mellomfinansiering og dermed kunne oppnå investeringstilskott frå Husbanken.

Prosjektet og plasseringa har allereie vore drøfta med Husbanken, men det må gjennomførast ei breiare undersøking og så må ein moglegheitsstudie gjennomførast.

Døme på eit slikt prosjekt er [Vallergrenda i Bærum kommune F-sak 023/2020](#) med byggestart no i 2024 og ferdigstilling 2026.

Også Ålesund kommune har gått inn i eit liknande prosjekt, men var sjølv ikkje tomteeigar, då dei kjøpte 20 tilpassa bustadeiningar på Moa i [Daaetunet omsorgsbustadar](#).

Prosjekt for bukonsept på Nausthaugen blir fremma for behandling av Kommunestyret i oktober 2024.

Prosjektet er tenkt som eit pilotprosjekt der sula kommune selger tomta til utbygger og kjøper anslagsvis 50% av leilighetene for videresalg og/eller utleige. Bustadsprosjektet er tenkt sjølvfinansiert gjennom sal av leiligheter eller leigeinntekter. Sula kommune si rolle blir å igangsette og mellomfinansiere.

Når ein vinn meir erfaring med dette prosjektet vil ein kunne legge dette til grunn for framtidig utvikling av bukonsept andre fortettingsområder i Sula kommune. Til dømes kan Breidablikk tomta sentralt i Langevåg være aktuell.

#### **4.2.2 Fleire bustadar til menneske med nedsett funksjonsevne:**

Vi har ein vekst i gruppa av personar med funksjonsnedsettingar og med til dels store hjelpebehov i eigen heim. Bustadane dei bur i må vere plassert og utforma på ein slik måte at dei som bur der opplever meistring og sjølvstende, og at pårørande og frivillige kan delta i større grad som støttespelarar. Lite tenlege bustadar og lite variasjon i bustadane, har medverka til unødig dyre tenester og fare for unødig bruk av tvang.

Vi treng fleire attraktive bukonsept for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan realiserast på ulikt vis, og kommunen si rolle kan her vere å stimulere til at private aktørar er utbyggjarar, eventuelt vere med på ei mellomfinansiering for så å selje eller leige ut. Jetmundgarden er steg 1 i denne planen og var det tiltaket som hasta mest.

Det planlagde burettslaget på Vasset er trinn 2. Vasset borettsgag er prosjektert og handsama i kommunestyret. Prosjektet skal være sjølvfinansierande ved sal av 10 leiligheter. Estimert prosjektkostnad er ca 60 million kroner (før mva refusjon og støtte fra Husbanken). For at prosjektet skal være sjølfinsansierende må leilighetene selges for om lag 3,2 million kroner pr leilighet. Sula kommune skal leige en personalbase av borettsgag.

Vidare trinn er ikkje planlagt, men modellen som er nytta for Vasset borettsgag kan byggast vidare på i trinn 3 og andre framtidige byggetrinn.

Ei nærmare kartlegging av tenestebehov framover i tid vil avgjere når prosjekta skal gjennomførast.

#### **4.3 Auke investeringsfond ved sal av eigedomar.**

For å sikre betre økonomisk forutsetningar for gjennomføring av investeringsprosjekt bør investeringsfondet styrkast slik at ein større andel av investeringane kan finansierast av midlane på dette fondet i form av eigenkapital og dermed lågare gjeldsfinansiering av tiltaket.

Sula kommune bør legge opp til at alle eigedomar som ein ikkje ser som hensiktsmessig for tenesteområda kommunen har ansvaret for i overskueleg framtid, vurderast utlagt for sal med formål å kunne bidra til iverksetting av strategiske investeringstiltak. Eit sal av eigedom må da ha som hovudmål å oppnå så høg salsinntekt som mogeleg. Dette kan være, ikkje berre å selje på den opne marknaden, men og vurdere ulike tilpassingar av eigedommen før sal, til dømes; Vurdere riving av bygg på tomt, omregulering til bustadformål, næringsareal, anna.

Høsten 2024 blir det fremma saker for kommunestyret som omhandlar sal av eigedomane.

- Fiskarstrand skule, samt nabotomta 15 mål
- Mauseidvåg skule 7 mål

Legg ein til grunn ein tomtepris på 1.000,- pr kvadratmeter vil det indikere ei salgsinntekt på 22 millioner kroner. Utfordringa vil her være bygga som står på tomta og påverknaden det har på salgspris, eventuelle kostnader til riving før salg. I tillegg må det vurderast om det er hensiktsmessig med ei omregulering før salg

Andre kommunale eigedomar kan bli aktuelle å legge fram for kommunestyret med sikte på salg. I tillegg arbeides det med ein oversikt over eigedommar som kommunen eig og som kan være aktulle for salg vil bli utarbeida og forelagt kommunestyret.

## DEL 5: ØKONOMISK UTVIKLING

Basert på dei foreslårte tiltak har vi utarbeida ei simulering av økonomisk utvikling:

Ref	Økonomisk utvikling	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
1	Disposisjonsfond	132 000	105 000	98 084	93 576	89 379	92 037	93 574	97 673	102 289	108 375	117 688
2	Endring inntektssystem		12 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
3	Eigedomsskat fra 1 til 2 til 3 promille		12 000	12 000	12 000	24 000	24 000	24 000	24 000	24 000	24 000	24 000
4	Justering av rente og avdrag		0	2 516	3 277	-1 448	-6 418	-4 010	-3 903	-6 478	-3 860	-1 914
5	Justering som følge av renteendring											
6	Innsparing sektorane		3 584	7 168	7 168	7 168	10 752	10 752	10 752	14 336	14 336	14 336
7	Tiltak tidlig innsats drift / omstilling											
8	Prog. framsskr. før avkastning	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000
9	Avkastning	18 000	10 500	9 808	9 358	8 938	9 204	9 357	9 767	10 229	10 837	11 769
10	Netto driftsres. / bruk av disp. fond	-27 000	-6 916	-4 508	-4 197	2 658	1 537	4 099	4 616	6 086	9 313	12 191
11	Disposisjonsfond UB	105 000	98 084	93 576	89 379	92 037	93 574	97 673	102 289	108 375	117 688	129 879

Ref	Måltal	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
12	Netto driftsresultat	-3,1 %	-0,8 %	-0,5 %	-0,5 %	0,3 %	0,2 %	0,5 %	0,5 %	0,7 %	1,1 %	1,4 %
12	Disposisjonsfond	11,9 %	11,1 %	10,6 %	10,1 %	10,4 %	10,6 %	11,1 %	11,6 %	12,3 %	13,3 %	14,7 %
12	Netto lånegjeld	104,4 %	100,7 %	96,9 %	101,0 %	114,0 %	109,9 %	106,4 %	112,1 %	108,5 %	105,1 %	101,8 %

Simuleringa viser ein utfordrande økonomisk situasjon. Modellen viser eit negativt driftsresultat fram til og med 2027. Føresetnaden for eit positivt driftsresultat frå 2028 er eigedomsskatt med 3 promille og ei innsparing i sektorane tilsvarende 1% av budsjettramme for 2024. Frå 2029 er det lagt inn ei innsparing på 1,5% og frå 2032 ei innsparing på 2%. Dette for å nå økonomisk måltal om at eit netto driftsresultat på 1,5% av brutto driftsinntekter. I modellen vil dette måltalet bli nådd i 2035. Måltal knytt til disposisjonsfond (minimum 10% av brutto driftsinntekter) er i modellen opprettholdt kvart år. Måltal knytt til at netto lånegjeld skal under 90% blir i modellen oppnådd i 2038.

Simulering knytt til framtidig utvikling er usikker. Simuleringa gir likevel ein indikasjon på at det i åra framover både vil vere nødvendig å auke eigedomsskatten, samt å gjennomføre innsparingstiltak, for å kunne budsjettene med positivt netto driftsresultat.

### Forklaring av føresetnader i tabell for økonomisk utvikling:

- 1) Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet pr 01.01.24 var 132 million kroner. Under føresetnad om bruk av disposisjonsfond på 27 million kroner i 2024 (prognose ved 1. tertial) blir disposisjonsfondet pr 01.01.25 på 105 million kroner.
- 2) Endring inntektssystem: I kommuneproposisjonen for 2025 (Prop. 102 S) kom det forslag om endring i inntektssystemet. Nokre av endringane slår negativt ut, medan andre slår positivt ut. I sum er det estimert at endringane vil slå positivt ut for Sula kommune. Ei av dei foreslårte endringane som slår positivt ut er økt grad av inntektsutjening. I vedlegg 7.1 i kommuneproposisjonen er estimert effekt per kommune spesifisert. Den viser ein positiv effekt på 12 million kroner i 2025 og deretter 9 million kroner frå 2026 for Sula kommune. Det er desse beløpa vi har brukt på linje 2 i tabellen for økonomisk utvikling.

- 3) Eigedomsskatt: Sula kommune har 1 promille i eigedomsskatt. Dette gir ei inntekt på ca 12 million kroner årleg. I tabellen har vi lagt til grunn ei auke i til 2 promille i 2025 og videre til 3 promille i 2028.
- 4) Justering av rente og avdrag: På denne linja ligg effekten av endring i rente- og avdragsutgifter knytt til foreslalte investeringar, samt nedbetaling av lånegjeld. I 2026 og 2027 vises ein positiv effekt på økonomien. Det er fordi betalt avdrag er høgare enn låneopptak til nye investeringar. Frå 2028 er det i forslaget til investeringsplan lagt inn store investeringar knytt til tenestesenter og ny barnehage. Dette fører til auke i rente- og avdragsutgifter.
- 5) Justering som følge av renteendring: I modellen for økonomisk utvikling har vi lagt til grunn ei gjennomsnittleg rente på låneporlefølja på 3,7%. Dette er lik gjennomsnittleg rente pr august 2024. Pr august 2024 er 43% av total låneporlefølje fastrentelån. Gjennomsnittleg rente på fastrentelåna er 1,98%. Gjennomsnittleg rente på andre lån (lån med rentebinding under 1 år) er 4,95%. Pr september 2024 forventer markedet at rentenivået skal nedover i løpet av dei komande år. Dette vil slå positivt ut når Sula kommune skal rullere kortsiktige lån. Våre fastrentelån har forfall som fordeler seg ut over perioden 2025 – 2031. Nye fastrentelån som skal inngås vil med all sannsynlighet ha ei høgare rente enn dei fastrentelåna vi har i dag. Dersom vi no (begynnelsen av september) 2024 skal inngå eit 5-årlig fastrentelån vil renta ligge på rundt 4%. Eit 10 årig fastrentelån ligg på ca 4,1%. Framtidige fastrentelån vil altså ha ei høgare rente enn den vi har i dag, menden framtidige kortsiktige lån vil sannsynligvis ha eit rentenivå som ligg lavere enn dei låna vi har i dag. Desse vurderingane gjer at vi ei framtidig gjennomsnittlig rente på rundt 3,7% kan vere realistisk. Oppdaterte forventninger av rentenivå for kommende 4 år vil bli innarbeida i budsjett og økonomiplan.
- 6) Innsparing i sektorane: Vi har lagt til grunn ei innsparing i 2025 på 0,5% av budsjetttramme 2024, 1% fra 2026, 1,5% fra 2029 og 2% fra 2032
- 7) Tiltak tidleg innsats / omstilling: I modellen har vi ikkje lagt inn beløp her. Endringar her vil bli innarbeida i budsjett og økonomiplan.
- 8) Prognose framskriving før avkastning: Estimert negativt resultat, før avkastning frå fondsplasseringar, er 45 million kroner for 2024 (prognose ved 1. tertial). Vi har lagt til grunn dette nivået som eit utgangspunkt for åra framover.
- 9) Avkastning: Sula kommune har investeringar i aksje, obligasjonsfond og pengemarkedsfond. Investeringane tilsvarer ca nivå på disposisjonsfondet. I modellen har vi lagt til grunn ei årleg avkastning på 10% av disposisjonsfondet. Dette er ein ganske offensiv føresetnad. Vi må vere forberedt på at avkastninga i enkelte år kan bli langt lavere enn dette.

10) Netto driftsresultat / bruk av disposisjonsfond: I modellen framgår negativt driftsresultat fram til og med 2027. Frå 2028 viser modellen positivt driftsresultat.

11) Disposisjonsfond UB: Viser nivå på disposisjonsfond ved utgangen av året.

12) Tabellen viser forventa utvikling i måltal (ekslusiv VAR). Måltallet viser:

- a. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt
- b. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt
- c. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt.

Vi har tatt utgangspunkt i budsjettet brutto driftsinntekt eksklusiv VAR på 883 million kroner for 2024 (totalt budsjettet brutto driftsinntekt er 956 million kroner. Budsjettet inntekt på VAR er 73 million kroner)

01.09.2024

# Vedlegg 1

Langtids drifts og  
investeringsanalyse for Sula  
kommune



## Innhold

Dei viktigaste fokusområda i åra som kjem- overordna vurdering:	2
Meir detaljerte vurderingar per kommunalområde	8
<b>Helse og meistring</b>	8
<b>Kommunalområde Kultur og oppvekst</b>	16
<b>Kommunalområde Samfunn</b>	23
<b>Kommunalområde Organisasjon og utvikling</b>	34

## Dei viktigaste fokusområda i åra som kjem- overordna vurdering:

*Dei demografiske endringane med fleire eldre og færre yrkesaktive vil krevje at vi tenker gjennom alt vi gjer på nytt. Vi må arbeide strategisk for å utsette behovet for kommunale tenester, og vi må sikre ei god forventningsavklaring mellom kommunen og innbyggjarane. Vi vert færre yrkesaktive i åra som kjem og vi må tenke nytt og smart kring korleis vi brukar folka og kompetansen vi har. Målet er at vi nyttar våre felles knappe ressursar rett, rettvist og effektivt til det beste for alle. I kunnskapsgrunnlaget (lenke) til samfunnssdelen og i vedlegga til denne strategien finn du meir detaljert informasjon om funn og analysar som er relevante for vala vi skal ta framover. Her finn du ei oppsummering /vurdering av viktige fokusområda framover*

### **Heimenesteorienteringa i Sula kommune bør vidareførast og styrkast.**

Dette krev ein tydeleg bustadpolitikk som gjer at flest mogeleg kan bu trygt heime så lenge som mogeleg.

For at kommunen skal kunne yte individuelt tilpassa tenester til innbyggjarar som bur livet ut i eigne bustadar, er det viktig med god bustadpolitikk. Agenda Kaupang konkluderte under sin presentasjon av bustadprofilanalysen med at det vil vere behov for inntil 5-600 nye leilegheiter i kommunen og at kommunen kan ha ei aktiv tilretteleggjarolle i at dette vert bygd.

Tilretteleggjarolla omhandlar både å utøve rolla som planmynde strategisk, og det handlar om å spele på lag med private utbyggjarar og husbanken. Framover må vi ta eit aktivt ansvar for å stimulere til igangsetting av utbyggingsprosjekt som vert ein vinn-vinn situasjon for innbyggjarar, utbyggjarar og kommune. Kommunen sitt største sørge-for-ansvar med tanke på eigna bustadar, blir å bygge for dei som har så omfattande bistandsbehov at dei må ha tilsyn nærest kontinuerleg - i første rekke menneske med svekka kognitive funksjonar (t.d. demenssjukdomar), multisjuke eldre, effektive korttidsplassar for tyngre rehabiliteringsbehov, etterbehandling etter sjukehusopphald, avlastning mm. Videre må kommunen stimulere til at det vert bygd leilegheiter som er attraktive for eldre lokalisert i rullatoravstand (300-500m) til sørvisfunksjonar og møteplassar og ev. kollektivknutepunkt som gjer folk sjølvhjelpte og sosialt aktive.

Dette betyr at Sula kommune bør vidareføre og styrke heimenesteorienteringa som ein bevisst har arbeidd med over mange år. Forsking støttar slik innretning på tenestene som moderne, effektiv og i tråd med det nasjonale målbiletet om at innbyggjarane skal bu i eigen heim lengst råd, som igjen er ein viktig pillar i regjeringa sin strategi for å møte ei aldrande befolkning. Dette samsvarar også godt med det eldre vaksne sjølv uttrykker som ønske når dei blir spurt. Visjonen for helse- og omsorgstenestene i Sula bygg opp under denne målsettinga: Meistring og tryggleik for alle. Det er viktig at tiltak som understøttar meistring og tryggleik i eigen heim må prioriterast og byggast ut i tilstrekkeleg grad (heimetenester, dagtilbod, transport, mm) før ein legg planar for

kor mange og kva type heildøgns omsorgsbygg for langvarig opphold (HDO) ein treng framover. I desse planane må vi også vurdere om feksibiliteten i tenestene er god nok, spesielt balansen mellom institusjonsplassar og ulovheimla plassar i bukollektiv med HDO.

### **Det må utviklast fleire gode og mangfaldige buminiljø for menneske med funksjonsnedsettingar og omfattande hjelpebehov**

Vi har ein vekst i gruppa av personar med funksjonsnedsettingar og med til dels store hjelpebehov i eigen heim. Bustadane dei bur i må vere plassert og utforma på ein slik måte at dei som bur der opplever meistring og sjølvstende, og at pårørande og frivillige kan delta i større grad som støttespelalarar. Lite tenlege bustadar og lite variasjon i bustadane, har medverka til unødig dyre tenester og fare for unødig bruk av tvang.

Førebyggjande avlastningstilbod til barn og unge er også ei teneste der vi i dag ikkje har god nok kapasitet og funksjonalitet til å møte behova tidleg nok slik at det kan utsette behovet for meir omfattande offentlege tenester. Vi veit at gode avlastingstenester er viktig for at barn og ungdom kan bo lengre i lag med familien sin. Kommunen er kjent med 23 barn og ungdom som i løpet av få år vil søke om etablering i eigen bustad. Desse kjem i tillegg til dei unge vaksne som skal bli sjølveigarar i Vasset borettslag. Behova til desse personane må vi møte offensivt med gode tilbod lavt i innsatstrappa og plan for, og tilgang til, eigna bustadar - og det hastar.

Nyare undersøkingar, m.a. [Universitet i Oslo v Terje Hagen m.fl 2023](#), har dokumentert at denne gruppa med barn/ungdom/unge vaksne med omfattande behov (høgkostnadsbrukarar), har stått for ein stor del av utgiftsveksten i norske kommunar. Det er derfor umåteleg viktig å lukkast med tilboden til denne gruppa, som utgjer relativt få personar. Desse personane har i motsetnad til mange eldre, behov for omfattande tenester lenge, ofte fleire tiår. Sitat frå publikasjonen:

*«Hovedkonklusjon: Med unntak av praktisk bistand er all vekst i etterspørserelen etter pleie- og omsorgstjenester i den aktuelle perioden i aldersgruppene under 80 år. Det indikerer at det for tiden er andre årsaker enn demografi som driver endringene i kommunehelsetjenesten. I høy grad er etterspørselsøkningen politikkdrevet. Den kan trolig forklares med langtidseffekter av nedbygging av statlige og fylkeskommunale institusjoner og nylig økning i brukerrettighetene.»*

Førre tenesteanalyse med Agenda Kaupang i 2017/-18 og KOSTRA-/rekneskapstala syner same utvikling. Agenda Kaupang tilrådde kommunen å ta fatt i bustadtilboden til desse brukarane og styrke innsatsen i dei lågaste trinna i innsatstrappa, bygge ut avlastingstenester mm. Det har vi gjort og vi er godt i gang med å restrukturere bustadmassen. Jetmundgarden er steg 1 i denne planen og var det tiltaket som hasta mest. Det planlagde burettslaget på Vasset er trinn 2.

Vidare trinn er ikkje planlagt, men modellen som er nyttta for Vasset borettslag kan byggast vidare på i komande trinn

Innan for rus/ psykiatri har vi også ei veksande gruppe der fleire har vanskar med å skaffe seg eigna bustad. Særleg personar med samtidig rus- og psykisk helseutfordringar (ROP), er sårbare. Det er p.t. fleire personar i kommunen som ikkje bor godt nok og som får redusert sjansane for å kome i arbeid og kome over i ein betre livssituasjonen pga. manglande eller lite eigna bustad. Faren for permanent utanforskap for desse personane er betydeleg. Kommunen har i dag for få eigna utleigebustadar til menneske med slike behov. Dette må vi ha med oss i arbeidet med å stimulere til eit meir mangfald i type bustadar.

### **Det må satsast videre på tidleg innsats og auka meistring for barn og unge**

Å ivareta barn og unge på ein måte som sikrar at dei opplever meistring og tilhørsle innanfor dei ordinære kommunale tenestene er avgjerande framover. Med ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024, og i barnehagelova frå 2023 er det endå tydelegare at alle barn har rett til eit tilpassa tilbod i eit inkluderande fellesskap, og at det skal arbeidast førebyggjande med tidleg innsats for å hindre at vanskar oppstår.

Sula kommune, som andre kommunar opplever eit aukande hjelpebehov til barn og unge. Det er fleire enn før som ikkje har godt nok utbytte av dei ordinære kommunale tenestene som alle har tilbod om. Ein stadig større del av våre ressursar går difor til individuelle tilbod til barn og unge. Dette gjer at handlingsrommet til å styrke normaltilbodet til same gruppe, eller å omfordеле til andre aldersgrupper som er i vekst, er utfordrande.

Sula kommune har mange barn under barneverntiltak. Det vert jobba aktivt med å auke innsats på tiltak tidleg inn i heimen, og dette har hatt god effekt. Barnevernsreforma (2022) og ny lov om Barnevern (2023) har ført til at dei kommunale tenestene har overtatt fleire av dei tidlegare statlege oppgåvane i å følgje opp og godkjenne fosterheimar. Kostnadane til tiltak har auka som følgje av at kommunane har fått fullt økonomisk ansvar for dei ordinære fosterheimane og auka eigenandel for bruk av spesialiserte fosterheimar, institusjon og akutttiltak. Ein premiss for reforma er at barnevernstenesta skal arbeide meir med kjernebarnevern. Kommunane skal arbeide for førebygging med førebyggande tiltak og ei felles oppvekstreform. Dette må vi lukkast med dersom vi skal redusere kostnadsauken til tyngre og meir inngripande tiltak.

### **Vi må ha ein barnehage og skulestruktur som er attraktiv og som sikrar god kapasitetsutnytting innanfor det vi har av samla ressursar**

Endringane i barnetal framover kjem til å variere frå krins til krins. Dette påverkar drifta vår og vi må vere dynamiske for å sikre optimal drift innan for det som er nasjonale normer.

Handlingsrommet vårt her er knytt til korleis vi deler inn klassar, om vi er villige til å vurdere kringsgrenser, og om vi treff rett med tanke på nok kapasitet i rasjonelle kommunale barnehagar på rett plass i kommunen.

I 2024 går omlag 35 elevar på private skular i Ålesund kommune. Sula kommune kjøper også skuleplassar på alternative opplæringsarenaer. Kommunen får eit trekk i frie inntekter per elev, nasjonal sats som er høgare enn kostnadane vi har i eigen kommune. Fleire barn frå Ålesund går i barnehage i Sula. I 2024 er det berekna at det gjev kommunen om lag 3,6 millionar kroner i refusjonar frå Ålesund kommune grunna tal barn busett i Ålesund og som går i barnehagar i Sula kommune. Og tilsvarande kostar det Sula kommune om lag 1,9 millionar kroner i 2024 der barn busett i Sula går i private barnehagar i Ålesund kommune.

Desse forholda inneber at det er ein viss dynamikk i dette som gjev oss uføreseilege utgifter. Strategien vår må vere å sikre attraktive skular og barnehagar med nok kapasitet og med ei attraktiv plassering.

Flyktningstraumen og arbeidsinnvandring og korleis dette vert i åra framover, påverkar elevtal og samtidig korleis vi nyttar kompetanse og vurdering av beste form for tidleg innsats som sikrar god språkopplæring og integrering.

### **Vi må evne å gjennomføre vedtatt eigedomsstrategi for å sikre ein strategisk og aktiv bustadpolitikk, og vi må ha eit oppdatert planverk som gjev tydeleg retning mot ønska samfunnsutvikling.**

Vi må ha ein arealpolitikk som støttar opp under ønska samfunnsutvikling og vi må nytte planmyndet vårt på ein måte som sikrar at framtidige utbyggingar i kommunen er i tråd med behova våre. Mange av reguleringsplanane våre er gamle og treng rullering. Dei gamle planane er kjenneteikna av låg utnyttingsgrad og at krav til infrastruktur som veg ikkje er i samsvar med dagens standard. Årsakssamanhengen er truleg samansett, men er truleg knytt til både situasjonen med mange eldre reguleringsplanar og praksis over tid med å gje dispensasjonsløyver. Ei fornying av reguleringsplanar og innskjeping av praksis ved handsaming av dispensasjonssøknadar kan ha positiv effekt med tanke på klager og ressursbruk i plan- og byggeskakshandsaming.

Arealpolitikken må også legge opp til at vi utnyttar eksisterande infrastruktur i samsvar med både klima og miljø, samt mål om berekraftig økonomi. I rulleringa av samfunnsplanen bør det utarbeidast ein tydeleg arealstrategi som legg føringer for ny arealplan som har oppstart i 2025. Vi må ha ein teknisk infrastruktur som er berekraftig

Sula kommune har bygd ut kommunalt avløpsnett for det meste av busetnaden. Det kommunale avløpsanlegget er stort i utstrekning og komplekst. Sjølv om Sula kommune sin busetnad er relativt samanhengande gjer topografien det nødvendig med til dømes mange pumpestasjonar og drift og vedlikehald er komplekst og omfattande. Samarbeid med Ålesund kommune er etablert gjennom investering i nytt felles avløpsreinseanlegg, Kongshaugen, med sikte på å etablere ei godkjent reinseløysing for ein stor del av busetnaden. Byggearbeida Kongshaugen reinseanlegg vart starta våren 2024 og det ligg også føre utsleppsløyve for anlegget. Det er gitt vilkår for overgangsordning til dette utsleppsløyvet. Å følgje opp vilkåra vil krevje kapasitet og kompetanse, samt midlar til oppgradering og vedlikehald. Sula kommune bør gå i dialog med Ålesund kommune om ei heilskapleg løysing for interkommunalt samarbeid på dette område då krava til kapasitet og kompetanse på fagfeltet er stadig strengare.

Tilgang til rent vatn til alle innbyggjarar er ei viktig og grunnleggjande kommunal oppgåve. Sula kommune har ein langsiktig avtale med Ålesund kommune om kjøp av denne tenesta men treng oppgradering med tanke på vekst i utbygging og folketal.

Oppgraderinga omhandlar både leidningsnett frå kjelda i Ålesund men også distribusjonsnettet som sikrar tilgang ut i alle delar av kommunen. I Sula kommune er leidningsnettet relativt godt kartlagt digitalt men det finst derimot ikkje ein hovudplan for vatn med samla oversikt, prioriteringar og gjennomføringsplan. Dette må på plass slik at ein planmessig sikrar oppgradering/utbygging, stoppar lekkasje, sikrar utskiftingstakt og innføring av ny teknologi/system som til dømes automatisering/digitalisering av forbruksmåling.

Sula kommune har klare utfordringar spesielt innan det kommunaltekniske området. Den administrative kapasiteten er avgrensa og vil truleg ikkje kunne løyse tunge oppgåver knytt til drift, planlegging og investeringar. Det er stilt strenge krav til internkontroll, kvalitetssikring, rullering av planar og gjennomføring av tiltak innan avløpsområdet i tilknyting til utsleppsløyve for Kongshaugen reinseanlegg. Tilsvarande utfordringar gjeld også for vassforsyninga, men utan like strenge fristar. Tilstrekkelig kapasitet og kompetanse i administrasjonen (omfattar også drift av anlegg) vil være avgjeraande for å kunne løyse oppgåvene dei nærmaste åra. Utvida samarbeid med andre kommunar vil være naturleg å vurdere for å møte utfordringane.

Sula kommune har i underkant av 60 km med kommunal veg. Innrapportert veglengde har vært relativt stabil i perioden 2015 til 2023 år medan netto driftsutgifter har auka. Det er gjort vedtak som på sikt vil auke samla communal veglengde og opprusting av standard. Opprusting gjeld til dømes etablering av fortau til skular.

Særleg siste to åra har det vært auke i søknad om skuleskyss med grunngjeving særleg farleg skuleveg. Avgjerder i klagesaker hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser at skuleveg som har vært nytt i mange år no vert vurdert som så utrygg at det gjev grunnlag for fri skuleskyss. Det vil i sum være ei stor oppgåve å ruste opp kommunalt vegnett til eit nivå i samsvar med desse vurderingane.

Andre behov som kan nemnast er etablering og opprusting av kollektivknutepunkt som ved Lerheims kaia med påfølgjande drifts og vedlikehaldskostnad.

Med tanke på kommunen sin samla økonomi og investeringsbehov knytt til meir rasjonelle tenestebygg, bør ein ha ein kritisk gjennomgang av investeringar knytt til veginfrastruktur. I planperioden bør ein prioritere å gjennomføre tiltak som kan gjere skulevegane våre trygge nok. Private utbyggjarar må og forvente å ta eit større medansvar for samordning og planlegging av kommunal infrastruktur ut over areal som skal nyttast direkte til dei enkelte utbyggingstiltaka. I enkelte samanhengar er det til dømes naturleg at private grunneigarar er med på å finansiere bygging av til dømes kommunal veg for å etablere tilkomst til framtidig bustadareal. Dette vert gjort i dag, og kanskje i enno større grad framover. Utgiftene til vegvedlikehald har dei siste åra vore høgare enn budsjetta. Den økonomiske situasjonen tilsei at det må takast ein gjennomgang på nivå og kvalitet på vedlikehald som er forsvarleg og tilpassa økonomien til kommunen.

**Vi må evne å gjennomføre nødvendige investeringar til formålsbygg, samt finne gode modellar for samarbeid mellom private aktørar og husbank for å realisere ønska bustadutbygging**

Fleire av bygga våre har sprengt kapasitet, mest prekært er det for legekontoret, og på same måte kapasiteten ved storkjøkkenet på Sulatunet. Fleire av bygga har manglande funksjonalitet og det er behov for å samlokalisere for å oppnå meir effektiv drift, gode tenester og attraktive arbeidsmiljø. For å møte akutte behov for auka kapasitet og bygge ein framtidsretta arena for effektiv samhandling og koordinering, bør ein no ta steget til å investere i eit tenestesenter (helsehus) Målet må vere å samlokalisere for effektivitet, sørvis og rekruttering, og at senteret vert oppfatta som innbyggjarane sitt eige.

Det må også gjerast vurderingar av bruken og utnyttinga av Sula rådhus, og eventuell annan bygningsmasse som kan verte fristilt dersom det vert investert i eit tenestesenter. Desse vurderingane er naturleg å ta i samband med/ parallelt med ein mogelegheitsstudie knytt til tenestesenter. Det er vidare behov for å vurdere om ein har rom for å investere i ny kommunal barnehage, samt barne- og avlastningsbustad. I tillegg treng vi flere attraktive bukonsept for menneske med nedsett funksjonsevne og fleire leilegheiter generelt. Dette kan realiserast på ulikt vis, og kommunen si rolle kan her vere å stimulere til at private aktørar er utbyggjarar, eventuelt vere med på ei mellomfinansiering for så å selje eller leige ut.

Sula kommune sin eigedomsstrategi legg føringar for kva som bør satsast på framover for å stimulere rett type bustadar på rett plass, korleis vi kan samarbeid med innbyggjarar og næringsliv om ønska utvikling, og korleis kommunen kan skaffe seg inntekter til eigenkapital som gjer at vi kan investere der vi har behov for auka kapasitet elle meir effektive bygg.

**Vi må vidareutvikle kultur og kompetanse for samskaping og innbyggjardialog (med næringsliv, frivilligsektor og innbyggjarar)**

Dialog og samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og frivilligheit skaper synergiar og resultat som gjer at ein pluss ein kan bli meir enn to. Denne type samarbeid må prioriterast framover

gjennom å settast meir i system. Med små ressursar kan ein få til mykje, og ei satsing på samskaping handlar like mykje om kultur og kompetanse som om økonomiske ressursar. Sula kommune har ein nyleg reorganisert næringsforeining og ein mangfaldig frivilligsektor. Kultur generelt er ein viktig del av eit godt lokalsamfunn der innbyggjarane opplever tilhørsle, inkludering og identitet, og den legge til rette for betre livskvalitet og god folkehelse. Sulksamfunnet har eit rikt kulturliv som har lange tradisjonar for å bidra til gode kulturopplevingar for innbyggjarane. Det er også viktigare enn nokon sinne å leggje til rette for gode fysiske møteplassar for innbyggjarar i ulike alder, livsfasar og med ulike utfordringar, og som skal bidra til å redusere einsemd og utanforskap. Utanforskap er ei aukande utfordring også i Sula, og som må leggast til grunn for dei vegval vi tek i åra framover. Barn og unge skal kunne lære, delta og oppleve kunst og kultur uavhengig av kvar dei bur, økonomi og bakgrunn. Kulturskule og bibliotek er sentrale og lovpålagte lærings- og formidlingsarenaer som må tilpassast behov for å sikre ei berekraftig samfunnsomstilling. Ein stor del av kultur og idrettsaktiviteten vert utført av frivillige lag og organisasjonar som tilbyr ei stor bredde av moglegheiter for innbyggjarane. Vi må vere ein kommune som er ein god tilretteleggjar med blant anna tilgang til kunnskap, tilskotsordningar og skuleanlegg, prioritere lågterskeltilbod og utjamne tiltak som viktige verkemiddel for å nå flest mogleg. I tida framover vert det viktig at vi arbeider med å samskape både på tvers i eigen organisasjon og involvere dei vi ønsker å nå.

### **Vi må ha ei organisering og ein organisasjonskultur som gjer oss til ein attraktiv arbeidsgjevar**

Konkuransen om arbeidskrafta vert hardare. Dei demografiske endringane som inneber ein mindre andel yrkesaktive i åra som kjem vil forsterke den allereie opplevde konkuransen om folk og kompetanse. Ein attraktiv arbeidsgjevar må arbeide for både ein organisasjonskultur, ein organisasjonsstruktur og fysiske arbeidstilhøve som er attraktivt for framtidas arbeidstakrar. Attraktive og effektive fagmiljø kan og handle om at dei er av ein viss storleik. I tida framover vil Ålesundregionen vurdere kva for fagmiljø som med fordel bør slåast saman for å sikre dette. Det vart i juni 2024 inngått ein grunnavtale mellom kommunane Ålesund, Giske, Haram og Sula der ein skal sjå på nye måtar å organisere interkommunale samarbeid på som gjer effektive tenester og attraktive fagmiljø.

# Meir detaljerte vurderingar per kommunalområde

## Helse og meistring

### Innleiing

Vi blir stadig fleire eldre og vi lever lengre. For mange vil pensjonisttida vare nesten ein tredjedel av livet. Derfor må vi sørge for at den blir meiningsfull både for den einskilde og for samfunnet. Vi må legge betre til rette for aldersvennlege lokalsamfunn og forsterke innsatsen i dei lågaste trinna i innsatstrappa. Ufordringane vart grundig presentert og diskutert i utviklingssamling 1 på Utsikten, men i stikkords form er dette hovudutfordringane:

Vi vert fleire eldre og færre yrkesaktive

Konkuransen om å rekruttere og behalde arbeidskraft vert hardare

Økonomien vert strammare og prioriteringane vanskelegare

Digitalisering og ny teknologi gjev nye mogelegheiter, men stiller også nye krav til kompetanse, arbeidsprosessar, bygg og organisering

Klima, miljø og naturkriser aukar og beredskap og krisehandtering krev meir ressursar

Auka utanforskaps

Aukande forventningar til gode tenester og god samfunnsutvikling

Nye kommunale oppgåver pga. oppgåveglidning som t.d. skuldast medisinsk teknologisk utvikling og ytterlegare spesialisering ved sjukehusa. Dagsaktuelt eksempel er [redusjonane i det spesialiserte rehabiliteringstilbodet](#)

Sula kommune har gjort mykje rett og har bygd ut helse- og omsorgstenestene med ei tydeleg heimetenesteorientering. Forsking støttar slik innretning på tenestene som moderne, effektiv og i tråd med det nasjonale målbiletet om at innbyggerane skal bu i eigen heim lengst råd, som igjen er ein viktig pillar i regjeringa sin strategi for å møte ei aldrande befolkning. Dette samsvarar også godt med det eldre vaksne sjølv uttrykker som ønske når dei blir spurt. Visjonen for helse- og omsorgstenestene i Sula bygg opp under denne målsettinga: *Meistring og tryggleik for alle.*

Kvar og ein av oss har eit personleg ansvar for å planlegge for sin eigen alderdom, og planlegginga må starte til rett tid. For at Sula som lokalsamfunn skal lukkast med dette, må det langsiktig samarbeid til, på tvers av næringsliv, sektorar og organisasjonar. For at kommunen skal kunne yte individuelt tilpassa tenester til innbyggjarar som bur livet ut i eigne bustadar, er det viktig med god bustadpolitikk. Agenda Kaupang konkluderte under sin presentasjon av bustadprofilanalysen med at det vil vere behov for inntil 5-600 nye leilegheiter i kommunen og at kommunen må bidra aktivt til at eldre kan kjøpe seg eigna bustader. Kommunen får ei viktig


rolle med å legge til rette for etablering ved sitt reguleringsmynde. Leilegheitene for eldre må lokaliserast i rullatoravstand (300-500m) til sørvisfunksjonar og møteplassar og ev. kommunikasjonsknutepunkt som gjer folk sjølvhjelpte og sosialt aktive. Dette betyr ikkje at sentrum og fortettingsområde skal «overbefolkast» med eldre, men det må vere nok plass til dei.

Kommunen sitt største sørge-for-ansvar blir å bygge for dei som har så omfattande bistandsbehov at dei må ha tilsyn nærmast kontinuerleg - i første rekke menneske med svekka kognitive funksjonar (t.d. demenssjukdomar), effektive korttidsplassar for tyngre rehabiliteringsbehov, etterbehandling etter sjukehusophald, avlastning mm. Dette blir spesialiserte tilbod som må ha eit visst omfang og følgeleg må sentralisera.

God bustadpolitikk og balanse i bustadtrappa og innsatstrappa med fokus på å styrke dei lågaste trinna blir viktige element i eigedomsstrategien.

## Innsatstrapp og boligtrapp som strategisk planleggingsverktøy for bærekraftig utvikling

Finansiering og dimensjonering på kort og lang sikt: Hvordan skal forebyggende tiltak på de laveste trinnene prioriteres for å redusere behovet for døgntjenester? Hva skal prioriteres når?




Figur: Illustrasjon innsatstrapp og boligtrapp

Kommunestyret vedtok samrøystes [Helse- og omsorgsplan 2021 – 2025](#). Planen ber i stor grad preg av å vere ein retningsplan med tydeleg ideologisk og strategisk fokus. Planen skildrar 11 utfordringsområde med strategiar og tiltak for å møte utfordringane. Den legg vekt på ærlege analyser, gir tydelege vegval og har eit konsekvent verdisyn i botn. Dette er eit medvite val, for det er viktigare enn nokon gong at vi har kart som stemmer med terrenget, ei retning som vi er einige om og eit felles kompass som vi styrer etter. Framover må det investera klokt for å kunne tilby attraktive arbeidsplassar som har tilstrekkeleg storlek til å yte tenester med forsvarleg kvalitet og effektivitet. Tiltak som krev friske midlar, må fremjast som eigne saker eller i samband med budsjett og økonomiplan. Men tidshorisonten i budsjett og økonomiplan er for kort, og derfor må tiltaka der forankrast i ein sameint eigedomsstrategi og langtids drifts og investeringsplan med lengre tidshorisont, 10-20 år. Dette vil kunne gi heilskapleg oversyn over

behov, tid til å planlegge velfunderte prosjekt og unngå at vi stadig må ty til mindre gode kriseløysingar.

### Bustadar og tenester til eldre

Aldringa av befolkninga vil auke behova for helse- og omsorgstenester i norske kommunar, slik også i Sula kommune. Ved årsskiftet 2021/-22 hadde vi 404 personar over 80 år. I 2030 vil vi ha 567 personar 80+ og i 2040 860 personar 80+. Det er ein auke på over 100% frå 2022. Mange vi klare seg lenger utan hjelp, men likevel vil dette bli krevjande. Det er særleg dei aller eldste 90+ vi må følgje ekstra nøye med på. I den aldersgruppa har fleirtalet tenester, og erfaringsmessig har om lag halvparten behov for heildøgns omsorgstilbod. Dessutan ser vi vekst i gruppa «yngre eldre» 67-79 år og personar yngre enn 67 år.




Kjelde: KS sin prognosemodell pr 01.01.22(siste tilgjengelege tal)

For å bremse behovet for både drifts- og investeringsmidlar er det viktig å lukkast med ei venstreskyving i innsatstrappa vår. Dvs. at tiltak som understøttar meistring og tryggleik i eigen heim må prioriterast og byggast ut i tilstrekkeleg grad før ein legg planar for kor mange og kva type heildøgns omsorgsbygg for langvarig opphold (HDO) ein treng framover. Dette betyr at det første vi må gjere er å styrke rehabiliteringstenestene, heimetenestene og dagtilboda, samt forsterka satsing på velferdsteknologi. Vi bør òg vurdere om feksibiliteten i tenestene er god nok, spesielt balansen mellom institusjonsplassar og ulovheimla plassar i bukollektiv med HDO. Vidare må vi ta tak i bustadpolitikken og i fellesskap bygge aldersvennlege samfunn der eldre blir tatt i bruk som viktig ressurs. Det er bra for alle aldersgrupper. Lukkast vi her, vil det redusere behovet for dei dyraste trinna i innsatstrappa. Ein HDO-plass kostar ca 1,2 million årleg. Det kan settast inn mykje hjelp i heimen for dette beløpet.

Figuren under syner ei framskriving av befolkningstala for p80+ og ein veksande manko på HDO-plassar berekna etter staten sitt gamle normtal for dekningsgrad på 25%. Det ser svært krevjande ut. I 2030 vil vi mangle 50 HDO-plassar, og veksten held fram i same takt eit par tiår til.


Dette betyr at vi må jakte på strategiar og tiltak som endrar og dempar behovsveksten som kjem i kjølvatnet av denne framskrivinga.

0-alternativet inneber å halde fram som i dag. Figuren under syner kor mange institusjonsplassar og bustadar til heildøgns omsorg (HDO) vi då vil kunne trenge. Tilsvarande vil vi mangle av personell.



Figur: Dekningsgrad, framskriving av dagens praksis i høve 25% dekning for HDO av tal personar 80+

Framskrivinga syner at vi vil mangle 50 plassar i 2030 aukande til 125 i 2040. Dette blir krevjande. Skal vi makte denne utfordringa må vi styrke dei lågaste trinna i innsatstrappa monaleg for å bremse etterspurnaden av dei dyraste tenestene og vi må starte no – 2040 er no. Lukkast vi med bustadpolitikken og utbygging av dei lågare trinna i innsatstrappa, er det mogleg å sjå for seg framskrivingar med lågare dekningsgrad. Figurane under illustrerer alternative dekningsprosentar HDO eldre.



Differansane for HDO-plassar mellom dei ulike dekningsgradane er store. Forskjellen på 25% og 17% dekningsgrad i 2030 utgjer 46 HDO-plassar. 21% dekningsgrad tilsvarer om lag det vi har

i dag og som opplevast knapp. Komande års vekst vil føre til plassmangel ganske snart. I praksis strevar vi med å dekke behova med dagens dekningsgrad. Det skuldast at balansen i innsatstrappa ikkje er optimal. Ved å styrke innsatsen i dei lågaste trinna, vil vi kunne utsette behovet for å bygge fleire HDO-plassar. Vår heimetenestorienterte modell gir oss eit godt utgangspunkt. Vi kan i betydeleg grad bestemme satsinga vidare sjølv.

Bygging av eit moderne tenestesenter, gode sentrale og samlokaliserte bualternativ til spreidde einebustadar og god innsats på dei lågare trinna i innsatstrappa vil redusere og utsette behovet for fleire heildøgns bemanna omsorgsplassar.

Sula kommune har for få utlegebustadar med for lite variasjon. Dette har m.a. ført til at pr medio april er 14 av omsorgsbustadane der primærgruppa er eldre, leigd ut til andre brukargrupper. Denne utviklinga fører lett til auka etterspurnad av omsorgstenester høgt i innsatstrappa. Det må vi unngå, det er fagleg feil ved at det kan forsterke utanforsk og det kan bli svært kostbart.

#### Strategi:

Ha gode og varierte avlastingstilbod og dagtilbod

Brei satsing på å utvikle Sula kommune som [aldersvennlig lokalsamfunn](#).

Auke tilgangen på universelt utforma samlokaliserte husvære for eldre med rett plassering.

To prioriterte fortettingsområder i tillegg til Langevåg bør fastsettast. Tenlege samlokaliserte og rett plasserte husvære med universell utforming og tilgang til fellesareal kan ligge i fortettingsområda, i tillegg til Langevåg. Husværa må vere forberedt for tenesteyting i eigen heim livet ut.

Korte avstandar (300-500m) til sørvisfunksjonar, fellesareal og sosiale møteplassar.

Heildøgns bemanna omsorgstilbod, skal lokaliserast i Langevåg

Starte planlegging av kapasitetsutvidingar for omsorgstilbod med bemanning heile døgnet.

#### Bustadar og tenester til menneske med funksjonsnedsettingar

Sula kommune har mange brukarar og brukar mykje ressursar mot denne gruppa. Lite tenlege bustadar og lite variasjon i bustadane, har medverka til unødig dyre tenester og fare for unødig bruk av tvang. Nyare undersøkingar, m.a. [Universitet i Oslo v Terje Hagen m.fl 2023](#), har dokumentert at denne gruppa med barn/ungdom/unge vaksne med omfattande behov (høgkostnadsbrukarar), har stått for ein stor del av utgiftsveksten i norske kommunar sidan 2017. Det er derfor umåteleg viktig å lukkast med tilbodet til denne gruppa, som utgjer relativt få personar, men dei er ressurskrevjande, og har, i motsetnad til mange eldre, behov for omfattande tenester lenge, ofte fleire tiår.

Førre tenesteanalyse med Agenda Kaupang i 2017/-18 og KOSTRA-/rekneskapstala synte same utvikling. Agenda Kaupang tilrådde kommunen å ta fatt i bustadtilbodet til desse brukarane og styrke innsatsen i dei lågaste trinna i innsatstrappa, bygge ut avlastingstenester mm. Det har vi gjort og vi er godt i gang med å restrukturere bustadmassen. Jetmundgarden er steg 1 i denne planen og var det tiltaket som hasta mest. Det planlagde burettslaget på Vasset er trinn 2.

Vidare trinn er ikkje planlagt, men modellen som er nytta for Vasset borettslag kan byggast vidare på.

Ny avlastingsbustad/barnebustad (fleksibel bustad) må inngå i planen for restrukturering av Bu- og aktivitetstenesta.

Det er som nemnt viktig å lukkast med dette. Kommunen er kjent med 23 barn og ungdom som ila få år vil søke om etablering i eigen bustad. Desse kjem i tillegg til dei unge vaksne som skal bli

sjølveigarar i Vasset borettslag. Behova til desse personane må vi møte offensivt med gode tilbod lavt i innsatstrappa og plan for og tilgang til, eigna bustadar, og det hastar.

Strategi:

Utbygging av differensierte avlastingstilbod og tidleg innsats må halde fram.

Tilby ambulante tenester til dei som meistrar å bu i eigen bustad

God tilgang på attraktive sjølveigarbustadar med tilgang til fellesareal og personalbase der ambulante tenester ikkje er tilstrekkeleg.

Samlokalisering skal prioriterast.

Variasjon i bustadtilboda og korte avstandar til arbeid og aktivitetar.

Gode personalbasar der det er behov for det for så sikre attraktivitet og rekruttering og ulike former for turnusordningar.

**Tenester til menneske med rus- og/eller psykiske lidinger**

Her ser vi òg ei veksande gruppe der fleire har vanskar med å skaffe seg eigna bustad. Særleg personar med samtidig rus- og psykisk helseutfordringar (ROP), er sårbare. Det er p.t. fleire personar i kommunen som ikkje bor godt nok og som får redusert sjansane for å kome i arbeid og kome over i ein betre livssituasjonen pga. manglande eller lite eigna bustad. Faren for permanent utanforskap for desse personane er betydeleg. Kommunen har i dag for få eigna utleigebustadar til menneske med slike behov.

Strategi:

Skaffe fleire utleigebustadar som er eigna til denne brukargruppa, her under skjerma/forsterka bustadtilbod for korttidsleige.

Utbygging av ambulant miljøarbeidarteneste for å hindre at personar i denne gruppa etterspør tenester på høgre nivå i innsatstrappa, t.d. heildøgns omsorgsbustad.

**Tenestebrygg/status/behov**

Fleire av tenestebrygga våre har sprengt kapasitet, mest prekært er det for legekontoret, der kapasiteten i praksis er sprengt igjen. Vidare er kapasiteten ved storkjøkkenet på Sulatunet maksimalt utnytta i tillegg til stort vedlikehaldsbehov. Fleire av bygga har manglande funksjonalitet og det er behov for å samlokalisere. Samlokalisering er viktig for effektiv drift og god sørvis og for å kunne tilby attraktive arbeidsmiljø.

**Tenestesenter**

Prioritet:

Tenestesenter (helsehus) med nytt legekontor og minimum følgande funksjonar:

Legekontor med plass til inntil 16 legar. Rekna etter dagens fastlegeordning og behov vil det gi oss kapasitet fram mot 2050 rekna etter høgste framskrivingsalternativ (ref kunnskapsgrunnlaget og ) samt rom for å «ta tilbake mange av innbyggjarane som har fastlege i annan kommune om dei skulle ønske det.

Heimeteneste med areal nok til å kunne samle heimetenesta i ein base.

Psykisk helseteneste

Tiltakskontoret med utvida funksjonar.

Ny korttidsavdeling med 24 plassar,

Storkjøkken.

Moderne bibliotek med mini kulturscene og tilbod om aktivitetar for alle aldersgrupper lagt til rette for at lokalsamfunnet kan gjere bygget til sitt eige og til ein arena for frivillig innsats.

Moglege «eksterne» leidgetakrar i tenestesenteret som vil kunne kjøpe/leige seg inn i tenestesenteret.

NAV

Distriktstannklinikken. Vil bidra til å trygge at Sula beheld lokasjon for off. tannhelsetilbod og det vil igjen frigjere noverande lokale ved Sula U.

Apotek

Private helsetilbod, t.d. fysioterapi.

.

For tenestesenteret kan det vere naturleg å tenke utbygging i fleire byggetrinn. Tomta må vere stor nok for dette og det må gjerne tenkast utbygging av omsorgshusvære i bygget. Bygget må ligge sentralt i Langevåg.

Strategi:

Samlokalisere for effektivitet, sørvis og rekruttering

Gjere bygget til eit “borgarhus”, som innbyggjarane gjer til sitt eige

### Moglege effektar og rokadar

Når ein samlokaliserer og/eller flytter tenestetilbod ved å ta i bruk nye lokalitetar, opnar det for nye vurderingar av fråflytta bygg/lokalsjonar. Det kan t.d. vere endra bruk, sal eller sanering.

Moglege rokadar:

Frigjering av lokale ved at psykisk helseteneste flyttar og biblioteket flyttar ut og inn i eit tenestesenter/tenestehus/velferdshus. Lokala kan nyttast til sentrale husvære til prioriterte grupper.

Ny korttidseining mogleggjer avvikling og flytting av drifta ved Sloghaugvegen 28. Bygget er tungdrive og lite tenleg slik brukargruppa har utvikla seg siste åra. Drifta kan flyttast til dei ledige omsorgshusvære i bukollektivet ved Sulatunet. Det betyr utviding av kapasiteten med netto 4 plassar og mogleggjer meir effektiv drift ved Sulatunet som då blir reint bukollektiv med 48 plassar. Sloghaugvegen 28 kan sanerast og tomta nyttast til framtidig kapasitetsutviding av døgntilbod til personar med demens.

Lokala i 2. etg i Stadsnesvegen 9B vert fristilt når legekontoret flyttar ut. Det same gjeld heimetenesta sine lokale i 1. etg. Alternativ bruk kan f.eks vere å samle Tiltakseining for barn og unge (TBU) under same tak. Samling av TBU er heilt i tråd med målsettingane då tiltakseininga vart oppretta.

Samlokalisering av barnevernet og pedagogisk psykologisk teneste i TBU i Stadsnesvegen vil igjen frigjere plass på rådhuset.


### Bustadstrategi, oppsummert

Dette notatet skildrar eit krevjande utfordringsbilde for Sula i åra som kjem. Utfordringane bør ikkje takast lett på, då det kan bli svært alvorleg for lokalsamfunnet vårt dersom vi ikkje lukkast. Sula har låge inntekter sett i høve til behov, vi vil fortsatt ha vekst i gruppa av personar med funksjonsnedsettingar og med til dels store hjelpebehov, og dei demografiske endringane med

fleire eldre og færre yrkesaktive vil krevje at vi tenker gjennom alt vi gjer på nytt. Vi kjem til å balansere på ei stram line, der vi i liten grad har råd til å gjøre därlege val. Vi må organisere oss effektivt, attraktivt og ha administrativ og politisk vilje til å handle i forkant av utfordringane som kjem. Vi må våge å tenke langsiktig og heilskapleg og på tvers, og stort nok til at løysingane våre vil monne.


Når det er sagt, så har Sula meir enn mange andre kommunar ressursar å spele på. Vi ligg i ein region med vekstpotensiale, vi har ein høvesvis ung folkesetnad samanlikna med mange andre kommunar, og vi har ein sterk frivillig sektor. Dette må vi bygge vidare på. Vi kjem til å verte fleire eldre, men denne gruppa vil også utgjere ein stor potensiell ressurs. Vi må derfor legge til rette for arenaer der denne ressursen kan blomstre. Bygga våre må legge til rette for at pårørande og frivillige kan delta i større grad. Eldre bør bu slik at ein kan hjelpe kvarandre og vere sosiale. Vi må bruke planleggingsmyndet vårt til å sørge for at framtidige utbyggingar i kommunen er i tråd med behova våre, og tenke universell utforming i alt vi gjer.

## Kommunalområde Kultur og oppvekst



Kommunestyret vedtok i 2022 *Kultur og oppvekstplan* ([kultur-og-oppvekstplan-2022-2032.pdf \(sula.kommune.no\)](https://sula.kommune.no)) - «Saman om læringsreisa». Planen er eit administrativt og politisk styringsdokument som skal legge føringar for ei langsigkt kvalitetsutvikling i kultur og oppvekst. Denne dannar grunnlaget og er førande for at vi skal ha ein god kvalitet i tenestene i kultur og oppvekst, og er bygd på både nasjonale, regionale og lokale føringar. Planen har lagt 3 lokale hovudområde til grunn- inkludering, samhandling og digitalisering. 5 hovudmål beskriv korleis vi vil ha det og korleis vi gjer det i Sula i åra framover.

Sula kommune si befolkningssamsetning viser at vi har ein høgare andel barn 0-17 år enn både Møre og Romsdal og landet elles. Vi ligg på 24,3% mot 20,4% i fylket og 20,3% på landsbasis. [Kommunehelsa statistikkbank](#)



### Status folketalsutvikling for Sula basert på SSB sitt hovudalternativ (SSB-tabell)

	2024	Endring 2024-2034	Endring 2024-2044
0-5 år	671	+30	+61
6-15 år	1 411	-210	-129
16-19 år	505	+34	-41
20-66 år	5 697	+483	+505
67-79 år	1 086	+139	+367
80 år eller eldre	415	+253	+509
Sum	9 785	+729	+1 272

Tabellen viser grunnlag for tal barn i barnehage, skule og kulturskule vi kan forvente å få i kommunen dei neste åra. Ser vi på dei ulike aldersgruppene, vil Sula i åra som kjem ha ein liten oppgang i aldersgruppa 0-5 år. På landsbasis er det derimot låge fødselstal jamt over.

Barnetalet held seg i dag stort sett stabilt med ca.100 nyfødde barn kvart år, og kommunen har årleg fødselsoverskot som bidreg til at folketalet fortsatt aukar. Vi held oppe fødselstal på eit stabilt nivå, og kommunen har fortsatt ei netto tilflytting og då særleg frå Ålesund.

I aldersgruppa grunnskule viser prognosane ein elevtalsnedgang fram mot 2034 på ca. 210, ut frå dagens prognose. I åra frå 2012 og fram til i dag, har tal skuleborn 6-15 derimot auka med 223 i perioden 2014-2022. Ser vi på framskriving av ungdomstrinn vil det vere store kull i åra 2024-2027, men ut frå framskriving vil det verte dagens tal på kull frå 2028.

Investeringsbehov innan barnehage vert påverka av kommunen si målsetning om barnehagedekning, som inneber at kommunen kan ha behov for å etablere ny barnehage sjølv om det i dag er ledig kapasitet i enkelte barnehagar. For skule vil investeringsbehov henge tett saman med kvar i kommunen det vert fortetting og utbygging ut frå behov i kvar skulekrins, og samtidig vurdering av grenser i skulekrinsane.

#### Barnehage

Barnehagelova gir alle barn 1-5 år rett til plass i privat eller kommunal barnehage i kommunen, men det er ingen reglar for avstand til barnehagen. I dag går 568 barn i barnehage i Sula og det er full barnehagedekning. I 2023 gjekk 100 % av barn i alderen 1–5 år i barnehagen. Dette er ein auke på 14,6 % sidan 2017 (85,4 %). [Dekningsgrad i barnehage | udir.no](#)

Pr i dag har vi 4 kommunale og 5 private barnehagar inklusiv Røde kors Langevåg som driv ein open barnehage. Fordeling slik: 45% er kommunale barnehagar og 55% er private barnehagar, fordelt geografisk i kommunen slik:

Skulekrinsar	kommunal barnehage (antall avdeling)	privat barnehage (antall avdeling)
Langevåg (ytre)	Langevåg barnehage (6) Molvær barnehage (4)	Nymarkbakken(FUS) barnehage (9) Vasset barnehage SA (1) Røde Kors Langevåg open barnehage

Rørstadmarka (midtre)	Måseide barnehage (4)	Rørstadmarka barnehage (3)
Solevåg (indre)	Sunde barnehage (2,5)	Norlandia barnehage (6)

#### *Status barnehage*

*Sunde barnehage* er 41 år og er siste åra oppgradert maksimalt ut frå potensiale i lita tomt, og med gamal bygningsmasse. Det er ikkje utbyggingsmoglegheit på tomta. Dei 3 andre kommunale barnehagane er i god stand og er kostnadseffektive å drifta.

Langevåg skulekrins har ledig kapasitet både i kommunale og private barnehagar, mens det ved Rørstadmarka og Solevåg skulekrins er venteliste. Pr 2024 er det 8 barn som går i barnehage i Ålesund kommune og 8 barn står på venteliste til barnehage i indre del av kommunen.

fleire barn frå Ålesund går i barnehage i Sula, og ut frå dette er det behov for å følgje med på strategiar som vert lagt for barnehageutvikling også i nabokommunen.

I 2024 er det berekna at det gjev kommunen om lag 3,6 millionar kroner i refusjonar frå Ålesund kommune grunna tal barn busett i Ålesund og som går i barnehagar i Sula kommune. Og tilsvarande kostar det Sula kommune om lag 1,9 millionar kroner i 2024 der barn busett i Sula går i private barnehagar i Ålesund kommune.

#### *Faktorar som påverkar drift- og investeringsbehov i barnehage*

demografi og framtidig busetting i Sula vil påverke behov for barnehageplassar

Der det vert lagt til rette for utbygging av bustader eigna til småbarnsfamiliar, vil det også vere behov for auke i barnehagekapasitet.

tilgjengeleg barnehage vil kunne stimulere til attraktive bu miljø som kan bidra til ønska busetting.

Lokasjon medfører i dag at enkelte vel barnehage i Ålesund då det ikkje er tilstrekkeleg barnehagekapasitet i indre del av kommunen, sjølv om det er noko ledig kapasitet i barnehagane i Langevåg

Nærleik til både offentleg transport, barnehage i akse til og frå jobb, gang- og sykkelavstand for nokre, og som kan bidra til å kunne ha barnehage i same krins som skule, påverkar ofte val av barnehage. Samtidig er god barnehagedrift, kompetanse og kvalitet viktig for ein god og framtidsretta barnehage, og er faktorar som bidreg til trygt og godt barnehagemiljø for barn og tilsette.

Kommunen er økonomisk ansvarleg for likeverdig drift av eigne og private barnehagar som er etablert før 2011.

«Kartlegging av barnehagebehov for Sula kommune 2024-2034» har danna grunnlaget for drifts- og investeringsbehovet til barnehage, og er brukt som grunnlag til denne planen.

#### *Strategiske grep framover:*

kommunale barnehagar bør vere av ein viss storlek slik at dei kommunale barnehagane vert meir kostnadseffektive i drift. Dette påverkar dei totale utgiftene til både kommunale barnehagar og tilskot til private barnehagar.

Kommunen betaler driftstilskot per barn i privat barnehage (iht Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar). Tilskotssatsen blir berekna basert på utgifter i kommunale barnehagar to år

tilbake i tid. Det blir gjort enkelte korrigeringar som pensjonspåslag og administrasjonspåslag. Driftsutgiftene blir så prisjustert til 2024 nivå ved å bruke kommunal deflator for 2023 og forventa kommunal deflator for 2024.

Konsekvensar av å ha kommunale barnehagar som er kostnadseffektive i drift, er at overføring til private vert redusert. Dette påverkar dei totale utgiftene med tanke på både drift og investeringar.

Ein nybygd barnehage vil kunne drivast med lågare driftsutgifter til bygget (FDV) enn dagens eldste og minste kommunale barnehage (Sunde barnehage). Dette vil kunne bidra til at kommunen har råd til å auke kapitalkostnadane (renter og avdrag/avskrivingar). Dette kan vere med å bidra til ei meir berekraftig utvikling innanfor kommunen sitt økonomiske handlingsrom når det gjeld barnehagestrukturen.

## Skule

Sula kommune har per 2024 3 kommunale barneskular, 1 kommunal ungdomsskule, vaksenopplæring. Sula kommune har fram til no hatt ein årleg auke i tal elevar. Elevtal ved ungdomsskulen vil halde seg oppe dei neste 3 skuleåra, samtidig viser den demografiske utviklinga at vi vil få ein reduksjon i tal elevar ved Sula-skulen i åra framover.

I 2024 går omlag 35 elevar på private skular blant anna på Steinerskulen i Ålesund, Møre barne- og ungdomsskule og International School, som også ligg i Ålesund kommune. Sula kommune kjøpte også skuleplassar på alternative opplæringsarenaer skuleåret 2023-2024.

Tal elevar i Sula skulen:

Skuleår	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Tal elevar	1340	1356	1357	1378	1368

Skulestrukturen er gjennom fleire år optimalisert, og omfattar i dag 4 relativt gode skulebygg. Solevåg skule nyttar i dag den eldste del av skulen til praktiske grupperom, personaldel og kontor til skuleadministrasjon. Denne delen av skulen står framfor noko oppgradering og har eit vedlikehalds-etterslep som er forventa å utbetre i 2025. Skulestrukturen i kommunen vart sist endra i 2022, då Måseide og Fiskerstrand skule vart slått saman til Rørstadmarka skule. I dag er det ledig kapasitet ved Rørstadmarka og Solevåg, mens i Langevåg er skulen full og nyttar gamle vidaregåande lokale.

## Status skule

Samla sett for skulane er det i dag kapasitet i åra framover mot 2040.

Det er ei vedvarande utfordring å balansere elevar med lovpålagde vedtak opp mot lærarnorm og den enkelte skule sitt budsjett. Det er difor behov for å sjå på korleis vi kan tilpasse opplæring med målretta innsats for å redusere behov for spesialundervisning i åra framover

Frå haust 2024 er det gjort nokre mindre tilpassingar for å sikre gode arenaer for barn som treng tilpassing både ved Solevåg skule og Sula ungdomsskule

Frå haust 2024 vert det etablert ein «*alternativ opplæringsarena*» som vert kalla Solstrand, for elevar som treng meir praktisk tilnærming og ein arena for å oppleve meistring. Tilbodet vert etablert som eit prosjekt med tilhald i modulbygga ved Måseide skule

Frå haust 2024 vert det sett i gong eit prosjekt der vi skal vurdere om det er behov for å etablere ei mottaksklasse for flyktningar for grunnskulen i Sula

Faktorar som påverkar drifts- og investeringsbehov i skule  
demografiske endringar og busettingsmønster, med inndeling i skulekrinsar ut frå  
busettingsmønster og kapasitet ved den enkelte skule  
kor arealeffektive bygg det er på dei ulike skulane handlar om storleik klasserom, tal grupperom, storleik på spesialrom(bla musikk, kunst og handverk, skulekjøkken) i forhold til gruppeinndeling, og som også påverkar behov for tal pedagogar og tilsette for delingstimar moglegheit for skjerming, undervisning i mindre grupper og spesialrom til dei som har ulike funksjonsvariasjonar og behov

Flyktningstraumen og arbeidsinnvandring og korleis dette vert i åra framover, påverkar elevtal og samtidig korleis vi nyttar kompetanse og vurdering av beste form for tidleg innsats som sikrar god språkopplæring og integrering

Skulestruktur og lærarnorm gjer det krevjande å redusere på drift då vi allereie driv skular med lave kostnader (skuledrift ligg på omlag 75%)Når skulevegar vert vurdert som særleg farlege, og som medverkar til at vi må etablere skuleskyssordning vert det store kostnader til skyss for elevar

SFO vert drive ut frå sjølvkostprinsippet og ca 350 born nyttar seg av tilbodet (tal april 2024). Det er forventa auke i tal barn på SFO, då det frå haust 2024 vert gratis kjernetid (12 timer/veke) for alle 3 småskuletrinna. Det er ei utfordring ved driftsform at det i dag ikkje er lagt økonomisk til rette for dei elevane som treng tett oppfølging også i SFO-tid.

#### Kultur

Kultur er og skal vere ein viktig bidragsyta for det førebyggande arbeid og den tidlege innsatsen i kommunen, ikkje berre inn mot barn og unge men også inn mot innbyggjarane generelt i kommunen, og på ulikt vis.

#### Status

Kulturskulen har stor søkermasse og 185 barn og unge står på venteliste for å kunne få timer til opplæring i instrument og andre kulturtiltak. Ventelista har i perioden auka med 110 søkerar. På skulearenaen er tilbodet Kulturkarusell for alle 3.klassingar eit viktig bidrag, og som også rekrutterer fleire søkerar som ønsker å spele eit instrument. Kulturskulen gir undervisning både individuelt og i gruppe, og har eit rikt innhald av tilbod.

Biblioteket som arena har dei siste åra fått nye oppgåver og vert nytta som verkstad, kurs/opplæring, lesestunder for barnehagar, kulturarrangement, teater, sommarlesgrupper, forfattarbesøk og gir tilbod både på dagsid/kveld og helg. Auke i besøkstal for arrangement berre for barnehage og skule endra seg frå 171 i 2020 til 721 i 2022. Utlån av bøker viser ein nedgang, men utlån av bokkasser har auka og aktive lånarar i aldersgruppa 0-13 år auka blant anna med 45% frå 2021 til 2022.

Donken fritidsklubb er eit vel etablert tilbod til ungdom på ettermiddags- og kveldstid i Mauseidvåg, men det er uttrykt at det er behov for ein fritidsklubb for ungdom både på ungdomsskuletrinn og på vidaregåande trinn også i Langevåg sentrum

#### *Strategiske grep framover*

Sjå på moglegheit for å utvikle biblioteket til ein enno meir sentral og variert møteplassar. Særleg også med tanke på demografisk utvikling der vi vert mange fleire eldre i kommunen i åra framover

Stimulere til at det vert etablere møteplassar for ungdom i sentrum av Langevåg

Auke samhandling med frivilligsentralen og andre frivillige som skal bidra til eit aktivt lokalsamfunn

Sjå på potensiale i å etablere gode gruppe/samspelsaktivitetar for at fleire skal kunne få tilbod, og som bidreg til inkludering og tidleg innsats

#### **Tiltakseining for barn og unge (TBU)**

Dagens organisasjonsform der tiltak inn mot barn og unge er samorganisert i Tiltakseining for barn og unge (TBU), har gjort at Sula på mange måtar er godt rusta for dei nye lovendringane og satsingane som kjem nasjonalt. Det er skapt gode arenaer med moglegheit for tverrfagleg samarbeid og gode tiltak for å sikre lågterskel tilbod som bidreg til både førebygging og tidleg innsats i tråd med heilskapleg innsatstrapp sine strategiar og kultur og oppvekstplanen sine mål.

#### **Status**

I dag er helsestasjon, jordmorteneste lokalisert i Stadsnes vegen 9b med heimetenestene og legestenesta i same bygg. Barnevern, leiing og PPT er lokalisert i to avdelingar (etasjar) på rådhuset. Lokale til helsestasjon er utvida og det har vore mindre tilpassingar på rådhuset for å tilpasse lokala til auke i tal tilsette dei siste åra.

Kommunen har greidd å etablere om lag norm for helsejukepleiarar slik at det er kapasitet til å følgje anbefalingar i nasjonal fagleg retningslinje både for småbarn og ved skulane.

Fleire barn og unge har psykiske utfordringar (ungdata) og fleire elevar enn før opplever mobbing og kommunen manglar psykolog for barn og unge 0-18 år

Saksmengd i PP-tenesta har vore aukande over år, samtidig har det også i perioden vore auke i barnetal. Det kan likevel vere fleire faktorar som påverkar kvifor barn vert meldt til PPT. Forsking konkluderer med at jo mindre handlingsrom ein har for å skape eit inkluderande miljø, jo større behov for individuelle tiltak.

#### *Strategiske grep framover*

Organisere og nytte helsejukepleiarressursane våre mest mogeleg effektivt når styrkingsmidlar frå Helsedirektoratet tek slutt.

Omallokere ressursar til meir aktivt arbeid på arena der barn og unge oppheld seg dagleg.

Omallokere ressursar til å etablere team for familiestøtte og psykisk helseteam.

Finne rom for å tilsette psykolog for barn og unge med delfinansiering gjennom statleg tilskot.

Redusere behov for meir inngripande tiltak ved å sette inn innsats og førebyggande tiltak i barnehage.

Dreie innsatsen mot tilpassa opplæring slik at det reduserer behovet for vedtak om individuell tilrettelegging for enkelt elevar

## Barnevern

Barnevernsreforma (2022) og ny lov om Barnevern (2023) fører til at dei kommunale tenestene har overtatt fleire av dei statlege oppgåvene på fosterheimsrådet; heilsakleg oppfølging av og godkjenning av fosterheimane. Ansvaret som Bufetat hadde for generell rettleiing er overført til kommunen. Kostnadane til tiltak har auka som følgje av at kommunane har fått fullt økonomisk ansvar for dei ordinære fosterheimane og auka eigenandel for bruk av spesialiserte fosterheimar, institusjon og akutt-tiltak. Ein premiss for reforma er at barnevernstenesta skal arbeide meir med kjernebarnevern. Blant anna kan avlastning og støttekontakt tenester frå helse og omsorgstenestene, eller økonomisk støtte til barnehageplass frå NAV, vere like aktuelle som at barnevern skal ha desse oppgåvene. Dette utfordrar oss til å tenke endå meir heilsakleg og samla innsats i laget rundt barnet både på universelt (førebyggande) nivå og meir selektivt og indikativ nivå.

I 2016 låg vi langt over snittet på barn med tiltak i barnevern på 5,7% og heile 1,5 prosentpoeng over landssnittet. I 2022 låg vi om lag på snittet som landet forøvrig, og har i perioden frå 2016 og fram til i dag hatt ein jamm nedgang i barn med tiltak. I 2024 derimot aukar barn med tiltak, og barn med tiltak utanfor heimen er det som aukar mest. Det har vore eit stort fokus på å auke innsats på tiltak tidleg inn i heimen desse åra, og som vi ser har hatt god effekt.

## Barn med barneverntiltak (SSB)

År	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Geografi</b>							
<u>Hele landet</u>	4,2	4,3	4,3	4,2	4,1	3,9	3,5
<u>Møre og Romsdal</u>	4,5	4,7	4,7	4,6	4,4	4,0	3,6
<u>Sula</u>	5,7	5,8	5,1	4,9	5,0	4,4	3,4

## Kommunalområde Samfunn

Sula kommune har gjennom ein lang periode hatt stabil vekst i folketal, frå 6737 innbyggjarar i 1986 til 9720 i 2024<sup>1)</sup>, og ei forventa utvikling med vidare vekst fram til 2050. Utviklinga er knytt til nærlieken til Ålesund at Sula slik er del av det største regionsenteret i Møre og Romsdal. Med aukande folketal og tilflytting har Sula kommune gjort tilpassingar for å auke kapasiteten innan oppvekstsektoren. Med etablering av ein ny felles barneskule, Rørstadmarka, for Fiskarstrand og Mauseidvåg, er skulestrukturen med tre barneskular og ein ungdomsskule tilpassa behovet for relativt lang tid framover. Når det gjeld barnhage har Sula relativt mange private barnehagar. For ytre del, Langevåg – Vedde, er det tilstrekkeleg kapasitet medan det for indre del, Fiskarstrand – Solevåg, er ei viss underdekning.

Eit sentralt trekk demografisk i åra framover mot 2050 er auken i dei eldre befolkningsgruppene. Sula kommune må som svært mange andre kommunar møte utviklinga ved å tilpasse tenestene retta mot eldre. I tillegg til slik utvikling og tilpassing vil det være viktig å påverke val av bustad for alle som har behov for omsorgstenester.

Sula kommune er ein typisk «bu og pendlarkommune». Bustadstrukturen er prega av relativt mange einebustadar og få leilegheiter. Nyare einebustadar har generelt vært tilpassa krav til lønnsamheit, marknad og tilgang til areal. Sjølv om skjerpa krav etter endringar i plan- og bygningslova, mellom anna universell utforming, er lagt til grunn har det inntil nyleg ikkje vært ei strategisk styrt utvikling med tanke nærliek til barnehage, skule, butikk og kollektivtilbod.

Kommunal infrastruktur på Sula har vært utvikla i takt med behov, ofte som følgje av fortetting. Private utbyggjarar har i stor grad regulert ut frå eigne behov med påfølgande overtaking av teknisk infrastruktur i etterkant av utbygging. Denne utviklinga fører til auka behov for opprusting av kommunaltekniske anlegg i form av samlevegar, vassforsyning, overvatn og avlaupsanlegg.

### Kommunal planlegging – regulering og byggesak

Overordna arealplanlegging er eit kommunalt ansvar. Sula kommune er i gang med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og tek sikte på å starte arbeidet med rullering av arealdelen hausten 2024. Etter ny administrativ organisering vil ansvar for arealdelen ligge til driftseining for Plan, byggesak og geodata (PBG). PBG har også ansvar for områdeplanar.

Status i Sula i 2024 er at det er relativt mange eldre reguleringsplanar. Dei gamle planane er kjenneteikna av låg utnyttingsgrad og at krav til infrastruktur som veg ikkje er i samsvar med dagens standard. I tillegg er det ei utfordring at i områder med eldre planar er bygd ut delvis på grunnlag av dispensasjonar som gjer det praktisk vanskeleg å etablere til dømes fortau eller å bygge regulert veg. Etter administrasjonen si vurdering er det relativt mange klager på planvedtak og byggesaksvedtak i Sula kommune. Årsakssamanhengen er truleg samansett, men er truleg knytt til både situasjonen med mange eldre reguleringsplanar og praksis over tid med å gje dispensasjonsløyver. I dialogmøte med Nannestad kommune for ei tid tilbake vart det vist til at fornying av reguleringsplanar og innskjerping av praksis ved handsaming av

dispensasjonssøknadar hadde hatt ein svært positiv effekt med tanke på klager og ressursbruk i plan- og byggesakshandsaming.

Private utbyggjarar har i liten grad tatt ansvar for samordning og planlegging av kommunal infrastruktur ut over areal som skal nyttast direkte til dei enkelte utbyggingstiltaka. I enkelte samanhengar har likevel private grunneigarar vært med å finansiere bygging av til dømes kommunal veg for å etablere tilkomst til framtidig bustadareal.

Det er gjennomført fleire større planprosessar i Sula kommune siste åra som viser kompleksiteten og ressursbehovet. Ny sentrumsplan for Langevåg, regulering av gang- og sykkelveg til Rørstadmarka og regulering av areal til felles avløpsreinseanlegg (Kongshaugen reinseanlegg) er alle slike eksempel. Kompleksiteten i slike planprosessar har auka som følgje av nye krav i lov og forskrift, men også som følgje av stor interesse og stort engasjement hos private. Planane verker inn på mange partar med økonomisk interesse i privat eigedom og for allmenta sin bruk av offentleg areal.

For å realisere mål knytt til eigedomsstrategi, bustadtrapp og innsatstrapp vil utvikling av samarbeid mellom private aktørar og kommune være viktig. I denne samanhengen må kommunen ha tilstrekkeleg administrativ kapasitet og kompetanse. Sjølv om ein stor del av det praktiske arbeidet vert sett bort til ekstern plankonsulent vil det være behov for ein administrativ ressurs som koordinerer arbeidet, gjennomfører anskaffing og rapportering til politisk nivå. Det er ikkje etablert formelt samarbeid med andre kommunar i Ålesundsregionen innan plan-, byggesak eller geodata ut over samarbeid om felles innsynskartløysing. Det har over tid vært drøfta samarbeid om til dømes tilsyn utan at dette er realisert. Samarbeid vert vurdert som fordelaktig særleg innan enkelte fagområde og for oppgåver der det er vanskeleg å forsvare å ha eigne ressursar (fast tilsette). Sjølv om Sula kommune er ein mellomstor kommune vil fagmiljøa innan enkelte fagfelt være relativt små og sårbare. Dette gjeld både plansak, byggesak og kart/oppmåling.

Strategiske grep framover:

Tilstrekkeleg administrativ kapasitet til gjennomføring av kommunale reguleringsplanar – områdeplanar og detaljreguleringsplanar i tillegg til kommuneplanen sin arealdel. Planarbeidet er omfattande og det vil være behov for kjøp av konsulenttenester for å sikre forsvarleg gjennomføringstid.

Samarbeid med private aktørar (utbyggjarar og grunneigarar) vil være aktuelt.

Planvask i tilknyting til rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Vurdere etablering/utvide samarbeid med andre kommunar i Ålesundsregionen om oppgåver.

Kommunalteknisk infrastruktur – veg, vatn og avløp

#### Avløp:

Sula kommune har bygd ut kommunalt avløpsnett for det meste av busetnaden. Mindre områder som til dømes deler av Vedde, i Solevågen og på sørsida av øya frå Eikrem til NørRingset har private løysingar for avløp. Nøkkeltal for avløpsnettet i Sula kommune er som følgande:

1531 Sula	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Lengde kommunalt spillvannsnnett									
totalt (m)	62 321	64 848	75 873	66 441	67 503	67 758	69 146	68 854	68 760

Lengde nylagt kommunalt spillvannsnett (m)	1 188	2 658	963	1 332	1 350	88	1 062	254	190
Lengde fornyet kommunalt spillvannsnett (m)	364	784	1 039	403	397	0	211	0	153
Lengde kommunale fellesledninger for både spill- og overvann (m)	6 855	2 594	1 517	1 329	1 350	1 355	1 383	1 377	1 375
Lengde separat kommunalt spillvannsnett (m)	55 466	62 254	74 356	65 112	66 153	66 403	67 763	67 477	67 385
Lengde separat kommunalt overvannsnett (m)	58 581	52 071	53 863	54 446	54 749	55 090	56 434	57 254	57 388
Antall pumpestasjoner (antall)	26	29	30	33	34	34	34	34	36
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (prosent)	82,4	83,5	83,5	83,3	83,3	84,6	83,4	82,6	81,9

Kjelde: SSB

Som det går fram av nøkkeltala er det kommunale avløpsnettet stort i utstrekning og komplekst. Det er grunn til å merke seg at det i perioden er etablert 10 nye pumpestasjonar og at behov knytt til tilsyn og vedlikehaldskostnader aukar vesentleg. Det er i perioden gjort ein innsats for å separere spillvatn frå overvatn, og lengda med fellesleidningar er redusert til omtrent 1/5. Dette har stor betydning for dimensjonering og drift av reinseanlegg. Utskifting har variert frå år til år, men ligg i 8 års perioden på i overkant av 0,5% i snitt.

Den største enkeltutfordringa innan avløp i Sula kommune har siste åra vært etableringa av godkjent avløpsløsing. Sula har sidan 2016 planlagt nytt avløpsreinseanlegg i fellesskap med Ålesund. Bygging av nytt avløpsreinseanlegg ved Kongshaugstranda starta våren 2024, og er planlagt sett i drift 1. kvartal 2028. Kongshaugen reinseanlegg vil ta imot og reinse alt kommunalt avløpsvatn med unntak av slamavskiljar på Sulebust. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gitt utsleppsløyve for Kongshaugen reinseanlegg 5. juli 2024. I løyvet er det omtalt overgangskrav fram til Kongshaugen reinseanlegg er sett i drift. Dei samla krava knytt til utsleppsløyvet er omfattande. Følgande oversikt går fram av løyve:

Tiltak	Frist
Oppdatere miljøriskovurderingar for det samla avløpssystemet	Årleg
Oversending av ny/oppdatert heilskapleg handlingsplan for kommunens avløpssystem	31.12.2025
Utarbeida/oppdatera tiltaksplan for å redusera tilførslar av	31.12.2025

overvatn og anna framandvatn til avløpssystemet, samt vurdera behov for reining av forureina overvatn	
Vurdere behov for reining av overvatn	31.12.2025
Dokumentera årlege utsleppsmengder frå overløp	Fra og med 2029, Årleg
Dokumentere leidningsnettets verknadsgrad	31.12.2030 Deretter kvart 3. år
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera innlekking av framandvatn og utslepp frå overløp	Kontinuerleg
Sanere overløp som er i strid med løyve	31.12.2028.
Innføre systematisk kartlegging av utlekking frå leidningsnett	31.12.2030
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera utlekking	Kontinuerleg
Sende oversikt på omfang og status for pågående utbyggingsprosjekt som kan bli ferdig stilt før driftsstart for det nye reinseanlegget.	31.12.2024
Sende inn eksakt koordinatar for utsleppsleidning og naudoverløp	1.6.2027
Utarbeide klimarekneskap	Årleg frå 2028
Kartlegging av naturmangfold i området for naudoverløp,	31.12.2026
Sende inn forslag til (oppdatert) overvakingsprogram	<1.10.2025 Deretter kvart 3. år
Leggje inn overvakingsdata i Vannett	Innan 1.3, kvart 3. år f.o.m. 2026
Etablere system for vurdering av energiforbruk	1.6.2028
Rapportere avløpsdata til forureiningsstyresmaktene via Altinn	Årleg innan 1.3.
Rapportera driftsdata og vurdering av drifta som vedlegg til Altinn-skjema	Årleg innan 1.3.

Ut frå krava knytt til utsleppsløyve for Kongshaugen og oppfølging av drift av eksisterande avløpsanlegg er det nødvendig å styrke kapasiteten innan driftseining for Kommunalteknikk. I tillegg vil oppgåver måtte løysast ved kjøp av eksterne tenester. I tilknyting til etablering av Kongshaugen reinseanlegg er det naturleg å drøfte samarbeid mellom Ålesund og Sula innan fagområdet.

#### Strategiske grep framover:

Rullering av overordna plan for avløp (kan samordnast i felles plan for vatn og avløp)

Oppgradering og etablering av nye system – gjeld prøvetaking, overløp, sonemåling, utlekking m. m.

Utgreiling og vurdering av framtidig samarbeid innan avløp med Ålesund kommune i tilknyting til etablering av Kongshaugen reinseanlegg

Vatn:

Sula kommune har ein langsiktig avtale med Ålesund kommune om kjøp av vatn. Etablering av eigen produksjon har vore vurdert, men for liten kapasitet til vasskjelder, høge investeringeskostnadene/driftskostnadene og krav om reservevassforsyning er lagt til grunn for avgjerdet om å inngå avtale med Ålesund kommune. Kommunal vassforsyning i Sula kommune er difor i praksis å sjå på som eit distribusjonsnett. Når det gjeld avtalen med Ålesund er det lagt til grunn sjølvkostprinsippet for fastsetting av pris. Abonentar i Sula kommune og abonentar i Ålesund kommune dekker slik produksjonskostnadane på like vilkår. I prisen lagt til grunn for abonentar i Sula vert det lagt til drifts/vedlikehaldskostnadene for overføringsnett fram til tilknytningspunkt i Sula kommune (to sjøleidningar med tilknytningspunkt i Djupvika og Vegsund). Som det går fram av omtalen innleiingsvis er Sula kommune i vekst. Utbygging og auke i folketal tilseit at distribusjonsnettet for vatn må oppgraderast i åra framover. Oppgraderinga vil måtte skje med både auke i kapasitet på enkelte leidningsstrekk og i utviding av distribusjonsnettet. I tillegg vil eksisterande distribusjonsnett haldast ved like og skiftast ut, ofte omtala som leidningsfornying. Behovet for fornying er avhengig av tilstanden på leidningsnettet. I Sula kommune er leidningsnettet relativt godt kartlagt digitalt. Det finst derimot ikkje ein hovudplan for vatn med samla oversikt, prioriteringar og gjennomføringsplan. Sentrale tema i ein hovudplan vil være oppgradering/utbygging, lekkasje, utskiftingstakt og innføring av ny teknologi/system som til dømes automatisering/digitalisering av forbruksmåling. Nøkkeltal for leidningsnett og utskifting i Sula kommune er som følgande i perioden 2015 – 2023, kjelde SSB:

1531 Sula: Leidningsnett og tilknytning.	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Lengde kommunalt leidningsnett totalt (m)	97750	80908	83460	82594	81251	84671	84671	84661	84682
Antall meter utskiftet/rehabilitert kommunalt leidningsnett (m)	634	2115	509	1638	661	500	103	1169	732
Utskifting i %	0,65	2,61	0,61	1,98	0,81	0,59	0,12	1,38	0,86

Drikkevatn er definert som eit næringsmiddel og det er difor strenge krav knytt til drikkevassforsyning. Sula kommune må ha administrativ kapasitet til å følge opp krav knytt til kvalitetssikring, ordinær drift og vedlikehald og til å handtere hendingar på distribusjonsnettet (i hovudsak leidningsbrot/lekkasje, svikt i forsyning, avvik ved kvalitet - prøvetaking).

Strategiske grep framover:

Utarbeide og handsame overordna plan for vassforsyning

Oppfølging av tiltaksdel i overordna plan

Sikre administrativ ressurs for oppgåver knytt til utarbeiding av overordna plan, investering, drift og vedlikehald


Veg:

Sula kommune har i underkant av 60 km med kommunal veg. Innrapportert veglengde har vært relativt stabil i perioden 2015 til 2023 år medan netto driftsutgifter har auka. Utviklinga går fram av tabellen under.

Rekneskapsår:	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Lengde kommunal veg (km)	55	58	56	56	58	57	57	58	58
Netto driftsutgifter til kommunal veg (1000 kr.)	6 615	5 846	6 503	6 885	8 780	8 575	10 557	12 134	11 101

Talgrunnlag er henta frå statistikkbanken til SSB.

Driftskostnadene for kommunal veg varierer vesentleg mellom kommunar. Figuren under viser netto driftskostnadene til kommunal veg for Sula, nabokommunane Ålesund og Giske og for Kostragruppe 1.



Sula og Ålesund kommune ligg høgare enn Giske og snitt for Kostragruppe 1. Ålesund ligg i Kostragruppe 11 og skil seg frå Giske og Sula ved å ha større del av kommunalt vegnett i by og tettstad. Bergen kommune har tilsvarende vesentleg høgare kostnader til drift av kommunal veg per km enn Ålesund (kr. 458 401/km i Bergen i 2023). Ei vesentleg utfordring knytt til kommunal veg på Sula er mange eldre vegar som ikkje er bygd eller dimensjonert for dagens trafikk. Auka trafikkmengd og fleire tyngre køyretøy slit på bærerlag og toppdekke (asfalt).

Det er gjort vedtak i Sula kommune som på sikt vil auke samla kommunal veglengde og det er gjort vedtak om å planlegge opprusting av standard. Opprusting gjeld til dømes etablering av fortau til skular. Særleg siste to åra har det vært auke i søknad om skuleskyss med grunngjeving farleg skuleveg. Avgjerder i klagesaker hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser at skuleveg som har vært nytta i mange år no vert vurdert som så utrygg at det gjev grunnlag for fri skuleskyss. Det vil være i sum være ei formidabel oppgåve å ruste opp kommunalt vegnett til eit nivå som er tilfredsstillande frå dei enkelte heimar og heilt fram til skulane. I tillegg behov knytt

til skuleveg vil også etablering eller opprusting av kollektivknutepunkt som ved Lerheimskaia auke drifts og vedlikehaldsomfanget.

Det er vanskeleg å sjå andre løysingar på sikt enn enten å styrke ressursar sett av til drift og vedlikehald av veg eller å redusere kommunalt ansvar for veg. I praksis vil sistnemnde innebere å overføre driftsansvar til private. Formell overføring av eigarskap for gatelys til kommune tilsei også at ein gjennomgang bør skje. Linja AS har i lengre tid vært i dialog med administrasjonen om slik formell overføring. Dersom det i tilknyting til, eller i etterkant av overføring av eigarskap, vert stilt krav om måling av energiforbruk for dei enkelte gatelyspunkt vil det i praksis innebere vesentlege investerings og driftskostnadar.

Strategiske grep framover:

Ein samla gjennomgang av kommunalt vegnett for å få oversikt over tilstand og trafikkmengd på dei enkelte vear vil kunne gje grunnlag for å tilpasse ressursbruken til drift og vedlikehald av kommunale vear, gater og plassar over tid

Etablere kriterium for vear som skal driftast i kommunal regi – kriteria vert å legge til grunn for både drift og for å vurdere nye vear som vert bygd

Gjennomføre prosess med sikte på overføring av driftsansvar frå kommune til private

Regulering av kommunal veg med formål tryggare skuleveg – fortau/gang og sykkelveg

Sikre administrativ ressurs for oppgåver knytt til planlegging, investering, drift og vedlikehald av kommunal veg

#### Sjølvkostenester utanom vatn og avlaup


Renovasjon og slam er tenester som vert utført gjennom samarbeid med andre kommunar i regi av selskapet Attvin og vert ikkje omtalt nærmare. Tilsvarande vert tenester knytt til brann/redning og feiing utført av Ålesund brannvesen og vert heller ikkje omtalt nærmare.

#### Kommunale bygg og eigedomsdrift


Driftseining for Eigedom har ansvar for drift av kommunale bygg og eigedom i tillegg til planlegging og gjennomføring av investering i nye bygg. Dei kommunale byggja vert ofte delt i to grupper, formålsbygg og bustadar. Formålsbygg er administrasjonslokale, barnehagar, skulelokale, institusjonar, idretts og kulturbygg. I omtalen vidare vert dei to gruppene omtalt kvar for seg.

#### Kommunale formålsbygg

Statistikk frå innrapportering til SSB viser relativt stor variasjon mellom kommunane i areal for kommunale formålsbygg. Sula kommune har tidlegare hatt relativt lite areal per innbyggjar samanlikna med andre kommunar i regionen og i Kostragruppe 1 fram til 2021/2022. Hausten 2022 vart Rørstadmarka skule med fleirbrukshall tatt i bruk. Figuren under viser utviklinga for Sula, enkelte andre kommunar i regionen og Kostragruppe 1.




I tillegg til areal er faktorar knytt til drift av bygg eit viktig grunnlag for vurdering. Kommunane rapporterer kostnader knytt til forvalting av eigedom og statistikken gjev eit inntrykk av kor effektiv/rasjonell eigedomsdrifta i kommunen er. Det er skilnadar mellom kommunane i høve føring/plassering av kostnadane og dette må være med i vurderinga av statistikken. Figuren under viser utviklinga for kostnadane til eigedomsforvalting i enkelte kommunar i regionen og for Kostragruppe 1.



Sula kommune har i heile perioden hatt låge kostnadars knytt til forvalting av formålsbygg samanlikna med andre kommunar. Generelt er det grunn til å vurdere vedlikehalde og drifta av formålsbygg i Sula kommune som god/tilfredsstillande tross låge forvaltingskostnadars. Dette tilsei at Sula kommune har ei rasjonell forvalting av denne bygningsmassen.

Når det gjeld kommunale idrettsbygg viser statistikken også at Sula har relativt låge kostnader samanlikna med andre kommunar i regionen og Kostragruppe 1. Sjølv om Rørstadmarka fleir brukshall vart tatt i bruk hausten 2022 slår ikkje dette vesentleg ut, men det er ei viss auke. Figuren under viser historikk tilbake til 2015. For Ulstein kommune er det ei stor auke i kostnadsnivå frå 2018, og utan at vi har gått inn i detaljane og kvalitetssikra kan det truleg knytast til at nytt fleirbruksbygg med bibliotek, hall og badeanlegg vart tatt i bruk i 2017.




### Kommunale bustadar

Sula kommune i perioden som det er omtalt innleiingsvis hatt ei sterkt folketalsauke siste 30 – 40 år. Statistikken viser at sidan 2015 har nivået for kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjar vært relativt stabilt. Ved inngangen til perioden var dekninga på 20 bustadar per 1000 innbyggjar og ved utgangen 22. Figuren under viser utviklinga og nivå for kommunar i regionen og for Kostragruppe 1.

Utan å gå nærmere inn i talmaterialet som ligg til viser statistikken at Ulstein ligg høgare i dekning enn Sula og det kan sjå ut som det er ein trend mot at enkelte kommunar aukar dekninga mot slutten av perioden. Auken kan være eit bevisst val strategisk for å møte tenestebehov som følgje av demografisk endring med ei større gruppe eldre.

Sula kommune har i perioden etablert nye sentralt plasserte omsorgsbustadar, «torget aust og vest» i Langevåg. Det har vist seg at bustadane er attraktive og det må kunne tolkast som at fleire eldre ønsker å bu sentralt med god tilrettelegging. I same periode har Sula kommune seld relativt mange eldre ordinære utleigebustadar. Ut frå behov knytt til mottak og integrering av flyktningar har det i same periode vært leidt private bustadar og det har vært kjøpt bustadar. Ut frå demografisk utvikling og andre kjende behov vil det være nødvendig å etablere nye og godt tilrettelagte kommunale bustadar i åra framover. Det vil kunne skje i samarbeid med private aktørar, men det er likevel ein føresetnad å ha administrativ kapasitet til planlegging og gjennomføring av nye utviklingsprosjekt for kommunale bustadar. Dokument utarbeidd av Agenda Kaupang i tilknyting til innsatstrapp/bustadtrapp og kunnskapsgrunnlag til rullering av kommuneplan gjev meir detaljert informasjon om busssetting, fordeling geografisk og behov i framtida.



#### Strategiske grep framover:

Strategisk mål om realisering av nytt felles tenestebygg prioritertast.

Oppgradering og vedlikehald av eksisterande tenestebygg –gjenbruk/utviding av eksisterande bygg ut frå berekraftsmål og økonomiske omsyn

Planlegge og gjennomføre nye investeringar i bustadar – omsorgsbustadar, ny bustadar tilrettelagt for særskilde grupper. Eit eksempel er bustadar tilpassa hard bruk. I tillegg vil det være behov for ordinære utlegebustadar til mellom anna integrering av flyktningar.

# Kommunalområde Organisasjon og utvikling

## Visjon

God kvalitet til rett tid.

Støtte organisasjonen i å utvikle gode tenester. Gje støtte og kunnskapsgrunnlag til politiske organ, kommunedirektør og Sula kommune sine einingar.

## Prioriteringar.

Tidlegare Sentraladministrasjonen er omorganisert inn under eit kommunalområde (Organisasjon og utvikling) og ein leiar. Dette for å få ein meir dynamisk organisering som vil ha eit tettare samarbeid på tvers av dei ulike fagområda. Sikre ei meir inkluderande utvikling og være ei meir operativt støtte til leiarteamet.

## Prioriteringar i omorganiseringa:

Kommunikasjon og service, herunder dokumentforvaltning. Ei bevisst satsing er å leggje til rett for betre kommunikasjon primært mot Sula kommune sine innbyggjarar. I tillegg internt mellom tilsette og med politiske miljø.

Økonomi skal bidra til gode beslutningsunderlag og gode prosessar som sikrar involvering på alle nivå i organisasjonen og mot det politiske miljø. Sikre langsiktig styring av økonomien og kvalitet innan både innkjøp og rekneskap.

HR området er styrka; Ei utfordring framover er å kunne imøtekome eit auka tenestebehov som følge av utviklinga demografisk (td eldrebølga). Den største utfordringa vil truleg vere å behalde og rekruttere kompetansen vi treng for å yte tenestene.

IKT er samla og organisert i ei eining under OU. Målet er å sikre IKT støtte ut i organisasjonen (da spesielt innan oppvekst), Velferdsteknologi vil bl.a. bidra til å avhjelpe behovet for tjenester i form av økt bemanning. Teknisk hjelpemiddel støttar inn under blant anna omsorgstenesta.

Strategi og utvikling. Målet er at denne eininga skal samordne og sikre langsiktig arbeid på tvers av kommunen sine tenesteområde.

Denne eininga omfattar:

Tre rådgjevarar med hovudansvar innan helse, skule og barnehage er organisert inn i denne eininga. Eit mål er å sikre eit godt samarbeid på tvers av kommunalområde og sikre utvikling på både kort og lengre sikt.

Eigdomsutviklar for å sikre langsiktig perspektiv og konkrete planar for eigedomane til Sula kommune i eit 40 års perspektiv (byggets levetid) sett i relasjon til endring i demografi (tenestebehov i eit 20 års perspektiv). Eigdomsstrategi må omgjerast til Langsiktig drift og investeringsstrategi som igjen må operasjonaliserast. Langsiktighet med 20 års horisont med konkrete tiltak komande 10 år. Dette vil gi føringar inn i Økonomiplan (4 år) og budsjett for kommande år.

Samfunnsplanleggar for å sikre gode prosessar med å utvikle planer for utvikling av Sula samfunnet og styringsstrukturen i Sula kommune.

Politisk sekretariat er organisert inn under OU og skal sikre eit godt samarbeid og kommunikasjon med det politiske miljø.

**Viktigaste samarbeidspartar:**

- Innbyggjarane
- Politikarane
- Leiargruppa
- Einingsleiarar
- Ansatte

**Vurderingar**

Ei målsetning er å utføre tenestene der den er mest kostnadseffektiv til god nok kvalitet. Dei ulike tenestene vurderast og ein ser om dei er mest kostnadseffektive å løse lokalt i einingane, innanfor dei enkelte kommunalområde eller i ein felles støttefunksjon, til dømes innanfor OU.

Kva rolle skal OU ha i utøvinga av ulike tenester.

Er det hensiktsmessig å utvide tjenestene fra OU til samarbeispartane, kanskje primært einingane, i form av støtte, rådgivning og utvikling innanfor HR, økonomi, IKT, kommunikasjon mv.

Er det aktuelt å desentralisere enkelte av tenestene slik at einingane får eit større ansvar.

Er det aktuelt å søke eit tettare samarbeid regionalt (td med andre kommunar) innanfor enkelte tenesteområde. Vi har samarbeid innanfor enkeltområder som:

I Sunnmørskommunane er det eit samarbeid om å oppgradere til ny løysning for økonomisystem (Visma i skya). Innførast i Sula kommune i november 2024.

Sula kommune har eit tett samarbeid med Ålesund kommune blant anna innanIKT. Det kan derfor være fordelaktig å samkøyre større utviklingstiltak i størst mogleg grad.



Sula kommune

## Kartlegging av barnehagebehov for Sula kommune 2024-2034

## Innholdsfortegnelse

Bakgrunn for saka: .....	3
Saksopplysningar: .....	3
Dei viktigste punkta i saka.....	3
Kartlegging av barnehagebehovet: .....	3
FN sine berekraftsmål .....	4
Status pr i dag .....	4
Høg barnehagedekning:.....	5
Befolkningsvekst - prognosar:.....	6
Kjelde: SSB.....	9
Behov: .....	9
Reguleringsplanar og barnehageplassar:.....	10
Lokalisering – tilgjengelege egna tomter: .....	11
Kvalitet, kostnader og lokalisering.....	11
Kvalitet: .....	11
Lokalisering: .....	11
Barnehageøkonomi – konsekvens av ulike val: .....	12
Tilskot til private barnehagar .....	12
Barn frå Ålesund i Sula og barn i frå Sula i Ålesund .....	12
Alternative løysingar .....	12
Alternativ 1: Dagens 4 kommunale barnehagar vidareførast.....	13
Økonomisk betraktnng ved alternativ 1: .....	13
Alternativ 2: Det vert bygd ny og større (4 avdeling med moglegheit for utviding til 6 avdelingar) Sunde barnehage .....	13
Økonomisk betraktnng ved alternativ 2. ....	14
Alternativ 3: Legge ned Sunde barnehage og privat aktør får bygge ut .....	15
Økonomisk betraktnng ved alternativ 3: .....	15
Oppsummering .....	16

## Bakgrunn for saka:

I Kommunestyrevedtak K066/23 blei det gjort slikt vedtak:

*"Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram ei sak om korleis ein kan utnytte kapasiteten i barnehagane på Sula på ein måte som sikrar meir kostnadseffektiv drift".*

På bakgrunn av dette ser ein behovet for å lage ei kartlegging av barnehagebehovet. Kartlegging av barnehagebehovet har som formål å lage eit beslutningsgrunnlag for å sikre riktig dimensjonert barnehagekapasitet i Sula kommune. Det er behov for å sikre areal til framtidig barnehageutbygging. Kartlegging av barnehagebehovet vert lagt fram til kommunestyret som ein del av den langsiktig drifts- og investerings-strategien (LDIS). Den er også eit av kunnskapsgrunnlaget for eigedomsstrategien.

## Saksopplysningar:

Dagens barnehagestruktur beskrivast, og behov for evt nye plassar beskrivast. Deretter vises det til alternative løysningar/struktur som dekker behovet for meir kostnadseffektiv drift.

### Dei viktigste punkta i saka

- Mangel på barnehageplassar på indre del av øya, overkapasitet i Langevåg.
- Sula kommune er ei kommune i vekst. Reguleringsplanane og kartlegging av utbyggingsplanar i Sula vil gi ein peikepinn på kvar i kommunen ein vil trenge barnehageplassar. Der ein byggjer hus vil det naturleg nok vere mange småbarnsfamiliar.
- Ei strukturendring til fleire større kommunale barnehagar vil bidra til at 4 av 4 kommunale barnehagar vert optimalt kostnadseffektive i drift. Dette påverkar dei totale utgiftene til både kommunal og private barnehagar.
- Sunde barnehage er den barnehagen kommunen kan gjer enda meir kostnadseffektiv ved å auke kapasiteten.
- Sula kommune tener pengar på å ta inn barn i frå Ålesund i barnehagane i Sula , dette fordi Sula driv barnehagane sine under nasjonal sats og ein sender refusjonskrav til Ålesund på nasjonalsats.
- Reknestykket gjeld også andre vegen, om barn i frå Sula som går i barnehage i Ålesund. Derfor er det viktig at Sula kommune har nok barnehageplassar på indre del av øya, slik ein hindra at føresette må/vil ha barnehageplass i Ålesund kommune.

## Kartlegging av barnehagebehovet:

Kartlegging av barnehagebehovet skal sikre tilstrekkeleg tal på barnehageplassar av god kvalitet dei neste 10 åra. Planperioden er altså 2024-2034. Kartlegging av barnehagebehovet skal gi grunnlag for planlegging av barnehagebygg som gir gode og framtidsretta leike- og læringsmiljø, og ein barnehagestruktur som sikrar at kommunen har rett bygg, på rett stad, til rett tid. Dette vil bidra til ein berekraftig utvikling innanfor kommunen si økonomiske handlingsrom. Barnehagar med god kvalitet kan bidra til å utgjevne sosiale forskjellar og dempe utanforskapsproblem på sikt. Nok barnehageplassar bidrar i tillegg til å gi foreldre mogleigheter for utdanning og yrkestilknyting. Kartlegging av barnehagebehovet skal vere eit beslutningsgrunnlag for ein langsiktig strategi, som er forankra i det politiske eigarskapet og kommuneplanen, og som bidrar til god samhandling mellom kommunen sine ulike fagområde. Kartlegging av barnehagebehovet skal inngå som en del av plangrunnlaget for Sula kommune sin verksemde.

Barnehagestrukturen vert påverka av framtidig busetting i Sula og visa versa. Den er også påverka av kva som skjer i Ålesund kommune når det gjeld barnehagestrategi der (mellom

bustad og arbeidsplass). Dette er viktig å ha med i vurdering av kva for strukturendring vi bør ta i Sula framover.

Kartlegging av barnehagebehovet skal bidra til å:

- sikre tilstrekkeleg barnehagekapasitet for å handtere søkermassa og retten til barnehageplass
- bidra til at det er tilstrekkeleg barnehageplassar i alle delar av kommunen
- sikre eit forsvarleg tilbod
- sikre effektiv og riktig arealbruk
- legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø for barn og tilsette
- prioritere tiltak som gir effektiv barnehagedrift innanfor kommunen sine økonomiske rammer
- følge opp planavklarte barnehagetomter i kommunen

Kartlegging av barnehagebehovet har tatt utgangspunkt i data frå 2024 (regnskap og barnehagebarn). Mange av premissene er uklare og i rask endring. Det gjelder både antall barn i barnehagealder og tilgjengelige tomter.

#### FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan og ein ønskjer å oppnå måla innan 2030. Det er 17 mål totalt med 169 delmål. Denne kartlegginga legg til grunn:



#### Status pr i dag

Sula har per mai 2024 ei fordeling mellom kommunale og private barnehagar som tilsvara 45 prosent kommunale barnehagar og 55 prosent private barnehagar. Føresette står fritt til å velje barnehage. Nokon føresette vel på bakgrunn av nærheit til eigen bustad, mens andre vel barnehage etter pedagogisk innhald eller nærheit til arbeidsplass. Barnehagelova gir alle barn 1-5 år rett til plass i privat eller kommunal barnehage.

Pr i dag (september 24) har vi 4 kommunale og 4 private barnehagar og ein Open barnehage.

Barnehage	Eigar	Års-tall	Tal på avdeling	Godkjent leike og opphold	Kapasitet om alle barn er over 3 år	Ledig plassar pr i dag	Merknad
Nymark-bakken	Fus - privat	2007 og 2017	5 4	817 m <sup>2</sup>	204	7 småbarn 18 storbarn	Barnehagen har aldri fylt opp plassane sine, har alltid hatt ledig minimum 1 avdeling
Molvær	Sula kommune	1994	4	333 m <sup>2</sup>	83	1 småbarn 3 storbarn	Justeres om det er småbarn eller storbarnsplassar det er behov for
Langevåg	Sula kommune	2015	6	607 m <sup>2</sup>	151	0 småbarn 14 storbarn	Justeres om det er småbarn eller storbarnsplassar det er behov for

Vasset	Foreldreeigd-privat	1987	1	112 m2	28	0	Kommunalt bygg, leigeavtalen går ut 31.07.2026
Rørstad-marka	Foreldreeigd-privat	2003	3	258 m2	64	0	
Måseide	Sula kommune	1993	4	324,5 m2	81	0	
Norlandia	Norlandia - privat	2006	6	693,8 m2	173	0	
Sunde	Sula kommune	1983	2,5	146 m2	36	0	
Open bhg	Røde Kors – privat	2005	1		15	0	

## Nøkkeltall for barnehager i Sula


Fakta om barnehagebarn 2023

Antall barn

568


Antall barn som har heltid- og deltidplass

■ Heltid ■ Deltid



2023, Sula, Alle eierformer

Antall barn etter alder



2023, Sula, Alle eierformer

Sula kommune som barnehagemyndighet sikrar økonomisk likebehandling av kommunale og private barnehagar gjennom bestemelsane i barnehagelova § 11 og forskrift om driftstilskot til private barnehagar § 19 Kommunalt tilskot til godkjente private barnehagar.

### Høg barnehagedekning:

Sula kommune har pr i dag full barnehagedekning, men det er skeivfordelt talet på plassar fordelt på øya. Det er venteliste på indre del og overkapasitet på ytre del av øya vår. Planen skal bidra til at det er tilstrekkeleg barnehageplassar i alle delar av kommunen. Barnehagelova gir rett til barnehageplass for barn over ett år, men det er ingen regler om avstand til barnehagen. Retten gjelder innan kommunen. Planen brukar likevel skulekretsane som planområde. Det er det fleire grunnar til:

- Det bør ikkje vere for lang avstand til barnehagen.
- Det er ei praktisk kopling mellom skulen og barnehagen. Mange føresette skal levere barn både i skule og barnehage. Det vil også lette overgangen til skulen viss barna kjenner kvarandre frå barnehagen.
- Det er praktisk om barnehagen ligg på vei til/frå jobb for føresette.

I 2023 gjekk 100 % av barn i alderen 1–5 år i barnehagen. Det er ei auke på 14,6 % sidan 2017 (85,4 %). [Dekningsgrad i barnehage | udir.no](#)

	2017 ⓘ					2023 ⓘ				
	1 år ⓘ	2 år ⓘ	3 år ⓘ	4 år ⓘ	5 år ⓘ	1 år ⓘ	2 år ⓘ	3 år ⓘ	4 år ⓘ	5 år ⓘ
Nasjonalt - Fylke - Kommune	Andel ⓘ									
- Hele landet	72,1%	92,8%	96,1%	97,2%	97,6%	81,8%	94,8%	96,7%	97,3%	97,5%
- Møre og Romsdal	73,2%	94,5%	96,7%	97,8%	98,7%	87,6%	95,7%	97,7%	98,1%	97,8%
Sula	85,4%	97,6%	97,2%	100,0%	95,0%	100,0%	101,7%	95,0%	100,0%	98,3%

#### Befolkningsvekst - prognosar:

Sula kommune er ei kommune i vekst, i eit stadig meir komplekst samfunn. Vi er nært knytt til Ålesund på ulike måtar. Mange vel å busette seg i kommunen, men arbeidar i Ålesund. Særleg familiar med barn vel å busette seg her, noko som gjer at mange av innbyggjarane er barn og unge. Arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar er også med på å forklare auken i folketal. Framskrivning av barnetal og talet på fødslar er den mest usikre prognosa ein har i ein beskriving av demografi i ein kommune. Fødselstalet er avhengig av mange faktorar der arbeidsmarknaden og tilrettelegging av boligutbygging nok er dei mest sentrale. Det vil i Sula kommune vere ei utfordring å møte den aukande aldrande befolkninga samtidig som vi har ein høg andel barn og unge. Det er også ein god moglegheit for å få fleire folk til å ta seg av den aldrande befolkninga i Sula om det blir fleire fødslar og tilflytting til kommunen.

Sula kommune er ein av få kommunar som ser ut til å få fleire barn og unge dei neste 10 åra. SSB si befolkningsframskrivning utarbeida våren 2024 anslår at talet på innbyggjarar vil auke med omrent med 1724 personar om ein legg MMMM til grunn.

#### Folkemengde per 1. januar. Registrert 2022, framskrevet i tre alternativer i 2050:

	Registrert 2022	Framskrevet 2050		
		Hovedalternativet (MMMM)	Lav nasjonal vekst (LLML)	Høy nasjonal vekst (HHMH)
Ålesund	67 114	7 1869	63 706	80 052
Hareid	5 126	5 230	4 637	5 832
Stranda	4 467	4 419	3 892	4 997
Sykylven	7 558	6 847	6 120	7 581
Sula	9 547	11 271	10 059	12 405
Giske	8 597	10 376	9 260	11 421
Fjord	2 491	2 477	2 209	2 741


Kjelde: [Regionale befolkningsframskrivinger – SSB](#)



Kjelde: <https://www.ssb.no/befolking/befolkningsframskrivinger/statistikk/regionale-befolkningsframskrivinger>

I 2024 har Sula kommune 3 skulekretsar eller fortettingsområder. I alle skulekretsar er det tilstrekkeleg tal på elevplassar i planperioden/framtidas barnehagestruktur.


Folkesetnad i Sula pr. grunnkrets (mars 2024) og samla (9718 innb.)



# Befolkningsrapport SULA

Utskriftsdato: 02.04.2024

## Aldersfordeling




## Demografi

### Folketalsutvikling per grunnkrets 2019 til 2024



Folketalsutvikling i Sula kommune

Kartet viser folketalsutvikling fra 2019 til 2024



- Nedgang
- Ingen endring
- Vekst

Nummer	Navn	Grunnkrets		Folketal		
		2019	2023	2024	Endring fra 2019	Endring fra 2023
15310104	Langevåg sentrum	800	841	847	47	6
15310107	Vågnes	632	642	663	31	21
15310105	Stadsnes	546	552	573	27	21
15310106	Langevågsholmane	0	0	0	0	0
15310108	Holen	1017	1069	1059	42	-10
15310109	Kjellingset	0	0	0	0	0
15310102	Sandvik	253	333	329	76	-4
15310103	Molvær	1025	1022	1031	6	9
15310203	Gjølvatnet	0	0	0	0	0
15310109	Bratthaug	374	387	378	4	-9
15310110	Vedde	230	217	214	-16	-3
15310201	Fiskerstrand	762	781	780	18	-1
15310202	Rorstad	680	682	700	20	18
15310209	Veibust	204	193	191	-13	-2
15310204	Mauselvåg	665	676	700	35	24
15310205	Søre Sula	41	45	44	3	-1
15310206	Eikrem	264	276	308	44	32
15310207	Solevåg	828	855	848	20	-7
15310208	Sunde	942	1059	1051	109	-8

Sula kommune

Kjelde: SSB





# Innbyggjarar etter alder pr grunnkrins

Grunnkrets - innbyggjarar 2024											80 år eller eldre
	0-5 år	6-15 år	16-19 år	20-24 år	25-29 år	30-49 år	50-59 år	60-66 år	67-69 år	70-79 år	
15310101 Kjellingset	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
15310102 Sandvik	25	49	15	19	30	91	42	15	10	22	11
15310103 Molvær	63	176	49	48	52	289	123	82	29	86	34
15310104 Langevåg Sentrum	53	112	41	44	40	228	104	48	32	78	67
15310105 Stadsnes	29	61	31	22	30	131	65	53	22	54	75
15310106 Langevågholmane	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
15310107 Vågnes	57	99	30	34	46	190	69	41	17	53	27
15310108 Holen	71	181	56	60	55	305	124	68	36	70	33
15310109 Bratthaug	20	59	23	22	29	92	51	28	14	25	15
15310110 Vedde	9	35	15	11	3	57	24	14	10	25	12
15310201 Fiskerstrand	50	72	47	46	37	216	131	61	19	54	47
15310202 Rørstad	52	106	34	40	35	201	90	52	21	45	24
15310203 Gjølvatnet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
15310204 Mauseidvåg	54	104	32	40	45	203	80	48	19	63	12
15310205 Søre Sula	6	3	0	0	6	10	7	3	5	3	0
15310206 Eikrem	29	42	12	11	22	86	38	35	9	17	8
15310207 Solevåg	54	140	58	49	57	218	103	56	14	73	26
15310208 Sunde	83	162	68	66	58	301	115	52	37	79	30
15310209 Veibust	12	17	7	9	12	55	25	21	16	13	4
15319999 Uoppgett grunnkrets	0	0	0	0	0	0	0	0	0	3	0

Kjelde: SSB

## Behov:

Kartlegging av barnehagebehovet skal bidra til at det er tilstrekkeleg barnehageplassar i alle delane av kommunen. Da må både den eksisterande kapasiteten i barnehagane i Sula oppretthaldast og at det samtidig skjer ei utbygging av fleire barnehageplassar i områder der det ikkje er nok barnehageplassar. Ny barnehage bør byggast som hjerte i nærmiljøet, slik at deler av bygget også kan brukas av nabolaget utanfor opningstida. Kommunen har som mål at alle skal få tilbod om barnehageplass innanfor eller i nærmaste skulekrets. Barnehage i nærheita gjer kvardagen lettare for barnefamiliane i kommunen vår, og barn får tettare tilknyting til andre barn i nabolaget og til barn dei skal begynne på skule saman med. Foreldre sparar også tid på transport, som heller kan brukast med familien. Ein må legge opp til å ha barnehageplassar der ein bur, ein kører ikkje frå Solevåg til Langevåg for ein barnehageplass når ein arbeider i Ålesundsområdet. Då vil ein ha barnehageplass i Ålesund, og det er dyrare for Sula kommune å betale for barnehageplass i Ålesund enn å tilby plass i eigen kommune. Pr i dag er der ingen ledige barnehageplassar frå Fiskerstrand til Vegsundbrua. Pr i dag er det ledig barnehageplass i fortettingsområdet Langevåg.

God økonomisk berekraft tilseier at framtidige barnehagar bør vere meir enn 80 barn pr barnehage, eller minst fire avdelingar. Størrelse har betydning for barnehagen sitt handlingsrom til å møte brukargruppa sitt behov og samansetning. Ei strukturendring til fleire større kommunale barnehagar vil bidra til at 4 av 4 kommunale barnehagar vert meir kostnadseffektive i drift. Dette påverkar tilskot til private barnehagar.

Sunde barnehage er den barnehagen kommune kan gjer enda meir kostnadseffektiv ved å auke kapasiteten.


## Reguleringsplanar og barnehageplassar:

Nok barnehageplassar av god kvalitet er tiltak for å nå mål om å utvikle kommunen si sosiale berekraft. Tall frå hovudopptak, befolkningsvekst og prognosar for boligutbygging i Sula framover, skaper til saman eit bilde av områder med økt kapasitetsbehov for barnehageplassar. Reguleringsplanane og kartlegging av utbyggingsplanar i Sula vil gi ein peikepinn på kvar i kommunen ein vil trenge barnehageplassar. Under ser ein igangsette og fullført bustadar i Sula frå 2002 - 2022.

Bustadar og hushald



### Igangsette og fullførte bustadar



Kjelde: SSB



Der ein byggjer hus vil det naturleg nok vere mange småbarnsfamiliar. Under ser ein tall som PBG i Sula (Plan, Byggesak og Geodata) har gitt administrasjonen, for dei nærmaste åra.

### Mulig utbygging 2024-2029

Område	Bustad (bueining)	Næringsbygg
Langevåg	33	0
Fiskarstrand	22	0
Mauseidvåg	25	0
Eidsnes	31	1
Sjukneset/Veibust/Kvasnes	1	2
<b>TOTALT</b>	<b>112</b>	<b>3</b>

Dersom ein ser for seg ei tilrettelegging for bustadutvikling i eit området er det viktig å ta med kapasitet i barnehage og skule samtidig.

## Lokalisering – tilgjengelege egna tomter:

Når ein skal lokalisere kvar ein barnehage skal etablerast kan ein alltid skissere kva som er ideelt, men tilgang på tomter vil ofte vere det som avgjer valet. Barnehagen bør ligge i nærområde til barnefamiliane. Den bør ligge lett tilgjengeleg for brukarane enten dei kjem til fots, med bil eller offentlege kommunikasjonsmidlar. I bustadområda bør barnehagen normalt ligge ved inngangen til området, og ikkje nødvendigvis sentralt i bustadområdet då dette kan medføre ekstra trafikk.

Nærheit til friområde og skogsområde er kvalitetar som barnehagen vil ha stor fordel av. Derimot bør ein unngå tomter i industriområde og nær sterkt trafikkerte vegar.

Ved etablering av ny barnehage, vil det vere viktig å få fram moglege plassar for lokalisering. Her vil tilgjengeleg areal på lokaliséringsplassane vere av stor betydning, samt tida ein har til rådvelde. Arealet må kunne dekke barnehagebygg, leikeareal ute, uteareal som gir barna moglegheit til å bruke kroppen (ev omliggande naturareal), rundkøyring i forbindelse med parkeringsareal, samt ta høgde for trygg ferdsel for mjuk og harde trafikantar til / frå barnehagen. Ut frå at Sula er nær Ålesund, må ein anta at kommunen framleis vil vere i vekst. Ved bygging av ny barnehage bør ein ta høgde for slik utvikling, enten ved å bygge større barnehage enn behovet tilseier i dag eller ved å ha tilgjengeleg areal for å kunne utvide barnehagen på sikt ved behov. Med tanke på klima er det viktig å velje ei tomt som er ega til føremålet, og plassere barnehagebygningen fornuftig på tomten i forhold til topografi, vindretning, sol - og snøforhold. Ein bør forsøke å unngå å bygge i områder som har mykje vind og lite sol, eller som ligg i kaldluftsrommer i terrenget. Det må leggast omtanke i utforminga av oppholdsareal ute slik at dette vert orientert mot sol og skermast mot vind.

## Kvalitet, kostnader og lokalisering

Planen skal angi retning for utviklinga av barnehagetilbodet i kommunen. Kommunen ønsker effektive barnehagar med god kvalitet, gunstig lokalisering og lave utgifter til drift av bygga (FDV-kostnader).

### Kvalitet:

Barnehagebygg er ikkje avgjerande for kvaliteten i barnehagen. Det viktigaste er tilsette som ser barna og bidrar til deira personlege utvikling. Kompetansen hjå personalet er viktig. Store og moderne barnehagar er meir attraktive på arbeidsmarknaden og kan rekruttere meir kvalifisert og spesialisert kompetanse.

### Lokalisering:

Om kommunen vel å stå for utbygging av barnehageplassar, kan det gjernast ved nybygg. Foreldre ønsker kort veg til barnehagen. Det bør vere mogleg å levere barna i barnehagen ved hjelp av kollektivtransport, gang eller sykkel.

### Kostnader:

Dei kommunale barnehagane driv ein optimal effektiv barnehagedrift ut i frå strukturen ein har pr i dag. For å få til den mest optimal effektiv drifta av alle kommunale barnehagar må ein gjere ei strukturendring av Sunde barnehage, ved å bygge ny Sunde barnehage. Den nye barnehagen bør drives med lavere driftsutgifter til bygget(FDV) enn den gamle, for at kommunen skal ha råd til økte kapitalkostnader (renter og avdrag/avskrivingar).

## Barnehageøkonomi – konsekvens av ulike val:

Når ein skal sjå på økonomiske konsekvensar av ulike val, er der fleire faktorar ein må sjå på både kor mykje pengar brukar Sula kommune på sine eigne barnehagar, overføring av tilskot til private barnehage, kor mange barn frå Ålesund kommune går i barnehage i Sula og kor mange barn frå Sula som går i barnehage i Ålesund. Alt heng saman med alt!

### Tilskot til private barnehagar

Kommunen betaler driftstilskot per barn i privat barnehage (iht Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar). Tilskottssatsen blir berekna basert på utgifter i kommunale barnehagar.

Tilskottssats for 2024 blir berekna på bakgrunn av utgifter i 2022. Det blir gjort enkelte korrigeringar som pensjonspåslag og administrasjonspåslag. Driftsutgiftene blir så prisjustert til 2024-nivå ved å bruke kommunal deflator for 2023 og forventa kommunal deflator for 2024

Frå 2011 innlemma staten tilskota til barnehagar i rammeoverføringane til kommunane.

Kommunen er økonomisk ansvarleg for likeverdig drift av eigne og private barnehagar som er etablert før 2011. Ei strukturendring til fleire større kommunale barnehagar vil bidra til at 4 av 4 kommunale barnehagar vert meir kostnadseffektive i drift. Dette påverkar dei totale utgiftene med tanke på både drift og investeringar.

Dersom vi kan redusere kostnaden i dei kommunale barnehagane, vil kommunen redusere overføringane til private barnehagar.

### Barn frå Ålesund i Sula og barn i frå Sula i Ålesund

Sula kommune tener pengar på å ta inn barn i frå Ålesund i barnehagane i Sula (pt. Private), dette fordi Sula driv barnehagane sine under nasjonal sats og ein sender refusjonskrav til Ålesund på nasjonal sats (dette er lovbestemt).

Pr i dag har vi 8 småbarn frå Ålesund som vi ikkje kan tilby plass i Sula på grunn av kapasitet. Det er 232 616 kr (8 småbarn x 29 077 kr i differanse) som Sula kommune kunne tjent. Reknestykket gjeld også andre vegen, om barn i frå Sula som går i barnehage i Ålesund. Derfor er det viktig at Sula kommune har nok barnehageplassar på indre del av øya, slik ein hindra at føresette må/vil ha barnehageplass i Ålesund kommune.

Sats pr barn som Sula betalar private barnehagar pr i dag (2024)	Sats for kommunalt tilskudd i kr	Nasjonal sats i kr	Differansen i kr
Driftstilskudd små barn	258 423	287 500	29 077
Driftstilskudd store barn	129 280	145 500	16 220
Kapitaltilskudd per barn	12 900	12 900	0

### Alternative løysingar

For å vise bredda i moglege løysingar for ein framtidig barnehagestruktur har administrasjonen utgreidd 3 alternativ:

Alternativ 1: Dagens 4 kommunale barnehagar vert videreført som i dag. Renovere/ modernisere utan utviding av Sunde barnehage (det er det ikkje plass til). Ingen nye barnehageplassar vert oppretta.

Alternativ 2: Det vert bygd ny og større (4 avdelingar med moglegheit for utviding til 6 avdelingar)  
Sunde barnehage. Nye barnehageplassar vert oppretta.

Alternativ 3: Legge ned Sunde barnehage. Privat aktør får bygge ut og må "huse" barna frå Sunde barnehage i tillegg til å opprette nye barnehageplassar.

#### Alternativ 1: Dagens 4 kommunale barnehagar vidareførast.

I alternativ 1 beheld ein dagens barnehagedrift, men Sunde barnehage må renoverast/moderniserast utan utviding. Det er ikkje plass til utviding ved dagens lokasjon. Barnehagen er 41 år. Bygd i 1983. Den står fram for store kostnadars til vedlikehald. Den er ikkje universell utforma etter dagens standard, det er endra behov frå barnehagen var ny; jmf. arbeidsplassar til tilsette, garderobeforhold og endra brukargruppe med fleire små barn i barnehagen, barn med særskilde behov og nedsett funksjonsevne. Det er utfordring med trafikk- og parkeringsforholda som ved ei langsiktig vidareføring må endrast utanfor eksisterande tomt.

Med dette alternativ vil det ikkje bli oppretta nye barnehageplassar.

Fordeler og ulemper med dagens struktur vidareførast:

- Beheld tilsette og eit godt kompetansemiljø i skulekretsen.
- Ingen nye barnehageplassar vert oppretta.
- Pr i dag går ca 45 % av barna i Sula i kommunal barnehage og 55 % i privat barnehage. Det vil seie at det er ganske likt fordelt mellom kommunal og privat.
- Sjå også økonomiske betraktnigar ved alternativ 1.

#### Økonomisk betraktning ved alternativ 1:

Sunde barnehage (bygget) må renoverast/moderniserast, dette fører til auka kostnadars. Utfordring med trafikk og parkeringsforholda som er i dag må endrast utanfor eksisterande tomt, dette fører til auka kostnadars.

Barn i frå Sula vel barnehageplass i Ålesund pga. mangel på plassar på indre, det fører til auka kostnadars for kommunen.

Sjå også økonomiske betraktnigar ved alternativ 2.

#### Alternativ 2: Det vert bygd ny og større (4 avdeling med moglegheit for utviding til 6 avdelingar) Sunde barnehage

I dette alternativet legg ein ned dagens Sunde barnehage og bygg ny Sunde barnehage på ei eigna tomt på indre. Sunde barnehage er den kommunale barnehagen som drar opp kostnadane til drift i kommunale barnehagar, fordi den er for liten til å drivast optimalt kostnadseffektiv. I tillegg står det fram for store kostnadars til vedlikehald av barnehagen

Ein ny barnehage med fleire barnehageplassar, enn dagens drift, bør plasserast i Solavågen/Sunde. Arealbruken bør samordne med annan utbygging i området og sjåast i samanheng med behovet for leilegheiter i området. Kan ein bygge leilegheiter på toppen? Ein kan også tenke sambruk av lokale til andre kommunale føremål. Å integrere FNs berekraftsmål i bygginga av ein ny barnehage gir betydelege fordeler som gagnar både miljøet, samfunnet og økonomien på kort og lang sikt. Dette er ein investering i ein sunnare og meir berekraftig framtid for kommande generasjonar

Alternativ 2 gir like godt samsvar mellom behov og kapasitet i skulekretsen som alternativ 3.

## Fordelar og ulemper med barnehage med ny Sunde barnehage

- Beheld dei tilsette. Det er ikkje behov for oppseiingar og endring av arbeidsstad i kommunen. Dette fører ofte kostnader og uro med seg.
- Blir antakeleg ein attraktiv arbeidsplass og eit godt kompetansemiljø i skulekretsen.
- Kan gi betre tilgang på spesialisert kompetanse.
- Attraktiv bu plass.
- Transport: betre tilkomst, trafikksikkerheit.
- Slik finansieringssystemet er, vil kommunen vere tent med drift av store kommunale barnehagar.
- Fortsatt valgfrihet for foreldre i valg av to barnehagar i skulekretsen.
- Sikrar at allereie etablert organisasjonskultur i kommunen vert opprettholdt på indre Sula.
- Ein kan tenke sambruk av lokale til andre kommunale føremål.

## Økonomisk betrakting ved alternativ 2.

### Forutsetning

- Vi bruker Langevåg barnehage som utgangspunkt for å estimere konsekvens av kostnad ved ny kommunal barnehage
- Langevåg barnehage har 6 avdelingar. Per no er det 41 barn i alder 0-2 år og 67 barn i alder 3-6 år. Totalt 108 barn

Med 3.942.000kr i kapitaltilskot (sjå alternativ 3) kan Sula kommune betjene eit lån på 68 mill. (annuitetslån, 5% rente, nedbetaling 40 år).

### Estimat for kostnad ved bygging av ny kommunal barnehage

Estimat for kostnad ved bygging av ny barnehage	Beløp	Kommentar
Tal kvadrat	1 200	Tilsvarande størrelse som Langevåg barnehage
Pris pr kvadrat (inklusiv MVA)	50 000	"Grovt" overslag/estimat
Investeringsutgift inklusiv MVA	60 000 000	
Lånebehov	48 000 000	Forutset at finansiering er MVA-kompensasjon og lån
Årleg kostnad til rente og avdrag	2 800 000	Forutset annuitetslån over 40 år med 5% rente

Budsjett ny barnehage	Beløp	Kommentar
Budsjetttramme barnehage	15 587 413	Langevåg barnehage si budsjetttramme for 2024
Eigedomsutgifter (vaktmeister, reinhald, straum osv.)	714 550	Estimat basert på rekneskap 2023 + auke på 4,3%
Avdrag	400 000	År 1 ved annuitetslån
Renteutgifter	2 400 000	År 1 ved annuitetslån
<b>SUM</b>	<b>19 101 963</b>	

Ein har ikkje tatt med kjøp av tomt eller salg av eksisterande tomt/bygg (Sunde barnehage). Pris pr kvadrat er eit grovt overslag, samanlikna med andre prosjekt i nabokommunar er kanskje dette litt høgt overslag.

I dette estimatelet blir årlege utgifter på kr. 19 101 963. Dette er mindre enn i alternativ 1 og 3. Dette er 4,1 million kroner lågare pr år enn alternativ privat barnehage. Dette gir ein god indikasjon på at det kan lønne seg å bygge kommunal barnehage sjølv om kapasiteten ikkje blir fullt utnytta. I tillegg kjem risikoen om Ålesund har ledig kapasitet og det er mangefull kapasitet i Sula, vil dei barna som ikkje får plass i Sula få plass i Ålesund og då må Sula betale nasjonal sats til Ålesund og det er dyrare enn om Sula har nok plassar til Sulabarn. Kjøp av plass i Ålesund har ein meirkostnad på kr. 29 077 pr småbarn og 16 220 kr pr storbarn (dette er differanse på nasjonal sats og kommunal sats) pr i dag.

#### [Alternativ 3: Legge ned Sunde barnehage og privat aktør får bygge ut](#)

I alternativ 3 legger ein til rette for utbygging av ny privat barnehage og legg ned Sunde barnehage slik dei får plass til barna som går ved Sunde barnehage pr i dag og opprettar nye barnehageplassar.

Alternativ 3 gir like godt samsvar mellom behov og kapasitet i skulekretsen som alternativ 2.

Fordeler og ulemper med å legge ned Sunde og privat aktør får bygge ut:

- Ein mister godt opparbeidd fagmiljø i Sunde barnehage og dermed i skulekretsen.
- Mindre valmoglegheit for føresette som skal velge barnehageplass.
- Eit dyrare alternativ enn alternativ 2.
- Ein får fleire barn i private barnehagar enn i kommunale barnehagar.
- Kommunen slepp å bygge ut sjølv.

#### [Økonomisk betraktnng ved alternativ 3:](#)

##### **Forutsetning**

- Vi bruker Langevåg barnehage som utgangspunkt for å estimere konsekvens av kostnad ved ny privat barnehage
- Langevåg barnehage har 6 avdelingar. Per no er det 41 barn i alder 0-2 år og 67 barn i alder 3-6 år. Totalt 108 barn

##### Privat barnehage bygg nytt bygg

Satser for driftstilskudd per plass (100%)	Antal barn	Driftstilskot	Kapitaltilsk.	Kostnad
Barn 0-2 år	41	258 423	36 500	12 091 843
Barn 3-6 år	67	129 280	36 500	11 107 260
<b>SUM</b>	<b>108</b>			<b>23 199 103</b>

I dette alternativet må Sula kommune betale 23.199.103 kr i tilskot til privat barnehage.

Av dette utgjer kapitaltilskot på 3.942.000kr

Dette fordi viss den private barnehagen er ny eller har en stor auke i godkjent areal, skal kommunen gi barnehagen kapitaltilskot per heiltidsplass for dette arealet ut frå barnehagens godkjenningsår etter følgande tabell:

<i><b>Godkjenningsår</b></i>	<i><b>Kroner per heltidsplass</b></i>
2016–2018	25 900
2019–2021	29 300
2022–2024	36 500

## Oppsummering

Gode planprosessar, med tverretatleg samarbeid og tydelege prioriteringar, er forutsetningar for å sikre berekraftig barnehagestruktur i tråd med framtidig utvikling. Det er viktig ved planlegging av barnehagebygg at det leggast til rette for dagens -og framtidas krav.

Planen sine føringar er av betydning for prosessen med å sikre areal av god kvalitet til barnehageutbygging. Universell utforming skal ivaretakast, slik at barnehagar, som en del av kommunen sitt tenestetilbod kan nyttast av alle barn og familiar, uansett forutsetningar.

Kartlegging av barnehagebehovet må sjåast i samanheng med andre planprosessar i kommune t.d samfunnsplanen, langsiktig drift og investeringsstrategi og vedteke eigedomsstrategi (kommunestyret 13. juni 2024).

Barnehagestrukturen vert påverka av framtidig busetting i Sula.

Sula sin barnehagestrategi vert påverka av kva som skjer i Ålesund kommune når det gjeld barnehagestrategi der. Dette er viktig å ha med i vurdering av kva for strukturendring vi bør ta i Sula framover.

Ein må ha politisk mot til å ta gode val for langsiktig drifts- og investeringstiltak til det beste for Sula kommune sin økonomi.